

Forskerforum

TIDSSKRIFT FOR NORSK FORSKERFORBUND



Nye forbundsfeller

Forskerforbundet melder seg ut av Akademikerne. Forbundet går inn i hovudorganisasjonen Unio der blant anna lærarar, sjukepleiarar og politifolk vert nye allierte.

– Usemje om lønspolitikken er den viktigaste grunnen til utmeldinga. Forskerforbundet held fram som før, seier leiar Kolbjørn Hagen.

Nr. 5/2005 – 37. årgang
Tidsskrift for Norsk forskerforbund
Forskerforum blir redigert etter Redaktørplakaten.
Redaksjonen avsluttet 26. april 2005.

REDAKSJON

REDAKTØR: Ingar Myking
REDAKSJONSSEKRETÆR: Kjetil A. Brøttveit
BLADBUNAD: Ragnhild Gram

REDAKSJONSRAÐ

Martin Eide, professor UiB
Helge Salvesen, bibliotekdirektør UiTø
Reidun Høydal, Møreforskning/Høgskulen i Volda

ADRESSE

Forskerforum, Tollbugt. 35, 0157 Oslo
Telefon: 21 02 34 00
Telefaks: 21 02 34 01
E-post redaksjon: i.myking@forskerforbundet.no

Trykk/ekspedisjon: Øyvind Glømvik AS
ISSN 0800-1715
Opplag 17 000

ANNONSER

ANNONSE: Arne Aardalsbakke
Telefon: 64 87 67 90
Telefaks: 64 87 67 91
E-post: forskerforum@c2i.net

Format	
1/1 side	16900
1/2 side	11900
1/3 side	8500
1/4 side	6500

Stilling / kunngjøringer: kr 27,- pr spaltemm.
Alle priser er oppgitt ekskl. mva.

UTGIVELSESPLAN

nr. 5/2005	2. mai
nr. 6/2005	6. juni

Neste nummer: 6. juni. Deadline: 25. mai. Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innsendte innlegg. Sender du inn stoff, legg ved diskett eller bruk e-post/vedlegg.

Internett: <http://www.forskerforbundet.no>

Omslagsillustrasjon: Heidi Ring/DIPP



aktuelt

6 NY HOVEDORGANISASJON

Uenighet om lønnspolitikk og rettighetsspørsmål førte til at Forskerforbundet melder seg ut av Akademikerne. Forbundet går i stedet inn i Unio – Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede – som blir den nest største arbeidstakerorganisasjonen i landet.

– Forskerforbundet fortsetter som Forskerforbundet, understreker leder Kolbjørn Hagen.

11 UREALISTISK FORSKNING

Forskningsmeldingen lanserer et vekstmål på tre prosent av BNP til forskning og utvikling – én prosent fra det offentlige, og to fra næringslivet. Målsetningen om to prosent fra næringslivet er urealistisk, mener SV og Sp.

12 HVOR GÅR UNIVERSITETENE?

Fellesskap av lærde, representativt demokrati, politisert redskap for skiftende regjeringer, eller tjenesteytende foretak i konkurranseøkonomien? Universitetene kan bevege seg i fire retninger, mener organisasjonsforsker Johan P. Olsen som har studert universitetets skiftende rolle i dag.

14 LOV OM LOJALITET

– Lojalitet til ledelsen brukes som argument under lønnsforhandlinger, sier tillitsvalgte ved Universitetet i Oslo. Nå advarer de mot forslaget til ny embets- og tjenestemannslov: Kan bestemmelse i loven medføre at lojalitet til ledelsen vil bli brukt som argumenter i ansettelses- og oppsigelsessaker?

magasin

17 BEATKUNSTEN I KRISTIANSAND

Høgskolen i Agder har den største samlingen beatkunst utenfor USA takket være kunstsamleren og legen Reidar Wennesland. Nå skal Wennesland-samlingen fram i lyset.

20 UNIO-LEDEREN

– Hovedoverskriften er aktivitet. Idrett har prega livet mitt. Deretter kunne en ha lagt til språk, eller mål om du vil, og utdanning. Dessuten er jeg organisasjonsmenneske på min hals.

Det er Anders Folkestad, den streikevillige fagforeningslederen, som snakker. Møt lederen for hovedorganisasjonen Unio.

forbundssider

33 FORBUNDET INFORMERER

33 INNSPILL: Forbundsleder Kolbjørn Hagen

35 INNSPILL: Kari Kjenndalen

faste spalter

24 KRONIKK: Regjeringens forslag til ny åndsverkslov vil i praksis bety at universitetene og høyskolene vil måtte stenge internetttilgangen for studentene, skriver Ola Stave og Arvid Ellingsen, begge fra Universitets- og høyskolerådet.

26 LESERBREV: Kristeva-debatten, Blå-grønn matallianse, rekterollen ved NTNU.



Akademikerne – eit 90-talsfenomen

NOKRE EKTESKAPSBROT er ulukkelege. Slik blir det neppe med brotet mellom Akademikerne og Forskerforbundet. Om lukka blir den nystarta Hovedorganisasjonen for universitets- og høgskoleutdanne (Unio), vil tida vise.

Det som likevel er klart, er at Forskerforbundet i denne saka har vist både styrke og mot. Det er eit teikn på at organisasjonen har blitt sterkare på den lønnspolitiske arenaen og har ambisjonar om å markere ein meir sjølvstendig profil.

DÅ FORSKERFORBUNDET BLEI med i Akademikerne i 1998 var det som siste lasset på vogna, og i tolvte time. Initiativet til splittinga av det som heitte Akademikernes fellesorganisasjon (AF) kom frå særleg Lægeforeningen og Tekna. I det skjulte teikna desse forbunda skissene til Akademikerne, og då Forskerforbundet melde seg inn i den nye hovudorganisasjonen, var politikken allereie meisla ut. Akademikerne skulle bli alt det som AF ikkje var, blei det sagt. Arbeidsgevarane kunne vel så godt vere allierte i lønnskampen, og ikkje motpart. Pengane skulle fordelast lokalt etter kvaliteten og arbeidsinnsatsen til kvar enkelt arbeidstakar, og Akademikerne var positive til ei modernisering og konkurranseutsetjing av offentleg sektor. Den nye hovudorganisasjonen ville revolusjonere det norske systemet for lønnsfastsetjing, hevda dei. Solidaritetsalternativ og tradisjonelle kampsaker for fagrørsla skulle kastast på båten, og den norske akademiske mellomklassa skulle endeleg få lønna opp på vest-europeisk nivå.



Forskerforbundet vel å kjempe for eit betre akademia, utan Akademikerne. (Foto: Scanpix)

MYKJE VAR LOVANDE med Akademikerne i starten. Det var liten tvil om at akademikargruppene hadde tapt relativt sett både lønn og status i 30 år. Frontfagsmodellen, der LO-forbunda i privat sektor i realiteten fekk bestemme lønnsveksten i landet saman med NHO, var einrådande. Lærarane og sjukepleiarane dominerte AF og var steile motstandarar av alt som likna på lokale pottar i lønnsoppgjera i staten, og brukte storleiken på medlemsmassen til å dominere AF. Det var på tide å prøve noko nytt. Akademikerne blei til ut frå pragmatiske vurderingar om at strategien i lønnskampen hadde vore feil i mange tiår, og var no mogen for endringar.

SÅ KOM PROBLEMA. Det blei ingen snarleg revolusjon. Og som revolusjonære rørsler flest, blei Akademikerne sett på sidelina. Her var makta lita, men tida til å spisse ideologien større. Sakte, men sikkert kunne vi ane meir dogmatiske haldningar frå dei mest aktive profilane i Akademikerne. Revolusjonen kom jo ikkje, men små teikn i tida blei tolka og lagde ut som om vendepunktet no var like om hjørnet. Ein liten konferanse her, ein OECD-rapport der, blei lagt fram som bevis på at lønnsrevolusjonen finst over neste kneik. "Berre ein ikkje sviktar ideologien no, så vil løna bli stor," var omkvedet. Assosiasjonane går til velmeinde leiarar for små kristne sektar som tolkar nedgang i salet av rusbrus som ein ny vår for kristne verdiar: nye og lite arbeidslivsvennlege reformforslag frå høgremistrarar blei tatt til inntekt for revolusjonens snarlege kome. "Berre litt til no, så ..." Den meir pragmatiske innstillinga til lønnsoppgjera fekk mindre rom. Draumen om lønnsrevolusjonen likna meir og meir på marknadsdogmatikk. Faglege rettar og plikter blei meir og meir sette til sides til fordel for perspektivet til bedriftsleiaren.

FORSKERFORBUNDET FEKK DEN upopulære jobben med å helle kaldt vatn i oppkoket av meir eller mindre gjennomtenkte utspel om å avskaffe sentral lønnsdanning heilt, applaudering av saneringar av avtaleverk i arbeidslivet og privatisering av offentleg sektor. Medan LO og lærarane gjekk gjennom ein eigen stille revolusjon, aksepterte store lokale pottar og gjerne samarbeidde i lønnsoppgjer der det var felles interesser, valde Akademikerne å støtte regjeringane vilkårslaust i håp om å oppnå goodwill. Medan Forskerforbundet, som dominerer utdannings- og høgskulesektoren, ønskte eit meir pragmatisk lønssystem der tillegg kunne kome både lokalt og sentralt, gjerne med justeringar for enkeltgrupper som låg etter i løn, ville Akademikerne at arbeidsgjevarane lokalt skulle ha ansvaret for den enkelte arbeidstakers lønnsutvikling. Trua på individuelle forhandlingar og aktiv motstand mot dei andre arbeidstakarorganisasjonane var heilag, og Forskerforbundet fekk sjeldnare

og sjeldnare gjennomslag for at heile grupper av medlemmar måtte løftast økonomisk, ikkje berre enkeltpersonar.

SLIK SETT ER DET EIT STYRKA Forskerforbund som no blir med å stifte den nye hovudorganisasjonen Unio. Medlemstalet har vakse med 50 prosent sidan sist skifte av hovudorganisasjon, og sekretariatet er større og langt meir spisskompetent. Då Akademikerne blei danna, var Forskerforbundet på gangen, utan høve til å påverke. Denne gongen var Forskerforbundet ein av premissleverandørane. Forbundet er sikra god representasjon i styre og utval, og er størst og førande i den viktige statssektoren. Likevel kan det vere skjær i sjøen. Unio blir landets nest største hovudorganisasjon med vel 255 000 medlemmar. Den nye hovudorganisasjonen har mykje større ressursar enn Akademikerne, og apparatet rundt er klart meir profesjonalisert. For Forskerforbundet blir utfordringa å ikkje kome i skuggen av dei større forbunda. Som nemnd tidlegare var lærarorganisasjonane og sjukepleiarane si dominerande rolle i gamle AF mykje av grunnlaget for at Akademikerne blei etablert. Den store skilnaden no er at desse har tyngda av medlemsmassen i kommunal sektor, medan hovudtyngda av medlemmane i Forskerforbundet er i staten. I Unio blir Forskerforbundet størst i det statlege forhandlingsområdet.

DET ER ÒG VIKTIG FOR Forskerforbundet at Unio har fått eit politisk grunnlag som ser verdien av å ha ein offentleg sektor i Noreg. Erfaringane frå dei mange reformene i sektoren dei siste fem åra, der særleg Ryssdal-utvalet og kvalitetreforma har utfordra sjølv grunnlaget for forskning og høgare utdanning, har vore lærerike. Akademikerne, som på mange måtar var prega av at dei sterkaste forbunda der var store i privat sektor, mangla både perspektiv og vilje til å vidareutvikle dei store offentlege norske institusjonane. Kort oppsummert kan ein seie at Akademikernes politikk her gjekk ut på å omfatte alle forslag som førte til harmonisering frå det offentlege mot det private, i håp om at Akademikerne fekk lønnsauke.

Ein slik politikk er i beste fall naiv. Det er ikkje nokon automatikk i at ein får høgare løn, berre ein gjev frå seg tilkjempa gode i arbeidslivet.

AKADEMIKERNE BLEI DANNA som ein reaksjon på det strenge lønnsregimet på 80- og 90-talet. Dei hadde sin misjon i å løyse opp i dette regimet, men blir ein parentes i historiebøkene fordi dei aldri greidde å utvikle seg vidare. Fienden til Akademikerne er framleis AF – sju åtte år etter dei blei nedlagt. Forskerforbundet har no blitt med i ein hovudorganisasjon som er i takt med tida, medan Akademikerne held fast på fiendebiletet frå 90-talet – berre meir katolske enn

NOTISER

Mennene bestemmer ved NTNU

Kvinnene utgjør 24 prosent av de vitenskapelige ansatte ved NTNU, men bare 10 prosent av institutt- og fakultetslederne er kvinner. Professor Rigmor Austgulen sier hun er blitt oppfordret til å søke rektorstillingen, men at hun synes det er mye morsommere å forske, skriver Adresseavisen.

– Jeg tror ikke kvinneandelen i ledelsen kommer til å endre seg mye ved ansettelsene som nå skal skje. Selv er jeg blitt oppfordret til å søke rektorstillingen, men synes det er mye morsommere å forske. Jeg tror lederstillingene blir enda mindre attraktive for kvinner når NTNU nå innfører enhetlig ledelse. Mulighetene til å kombinere en instituttleder- eller dekanstilling med å være aktiv forsker blir nærmest fraværende, sier Austgulen.

Men ved opptaket høsten 2004 var 47 prosent av studentene kvinner. Fortsetter trenden, blir jentene snart i flertall også ved NTNU. Men sammensetningen av NTNU-ledelsen er så langt temmelig upåvirket av kjønnsrevolusjonen blant studentene – det er gutta som rår. Seks av syv fakultetsledere er

menn. Blant de 54 valgte instituttlederne er det fem kvinner, fire ved samme fakultet.



Det er mennene som leder NTNU. (Foto: NTNU)

Sier opp i protest

Musikkprofessor Jon-Roar Bjørkvold, sier opp stillingen sin ved Universitetet i Oslo i protest mot kvalitetsreformen, melder NRK Kultur. Bjørkvold har vært ansatt ved UiO i 35 år, er en anerkjent forsker, og er blant annet kjent for boka *Det musiske menneske*. Nå er han lei av for strenge krav til økonomisk lønnsomhet og det han kaller mangel på demokrati.

– Jeg kan ikke lengre stå inne for denne kvalitetsreformen som Universitetet i Oslo nå er underlagt. Jeg er nødt til å fristille meg og prøve å forsvare universitetets sanne verdier utenfra. Det går jo simpelthen ikke an at vi skal være redde for fagene vår på det nivået at dersom kurset ditt ikke er lønnsomt, så er det over og ut, sier Bjørkvold som karakteriserer demokratiunderskuddet som fatalt: – Vi har ikke lengre votum oppover i institusjonen. Vi må bare lytte og ta ting til følge,

sier Bjørkvold. Han presiserer at han sier opp for å være fristilt, ikke for å stikke av.

– Tvert imot, jeg har masse krefter og vil prøve å bruke dem så intenst jeg kan for noe jeg tror på. Da vil jeg ikke bruke opp energien min, overskuddet og det jeg måtte ha igjen av entusiasme og evne til nytenkning på å sitte og fylle ut skjemaer om meningsløsheter, sier Bjørkvold til NRK.

Utdanningsminister Kristin Clemet vil ikke kommentere kritikken fra Jon-Roar Bjørkvold fordi hun velger å se på dette som en personalsak.

Resultatlønn virker dårlig

Statsråd Morten Meyer vil øke bruken av resultatlønn i staten. Men utrederne hans i Statskonsult klarer ikke å dokumentere at resultatlønn for statlige ledere er særlig effektivt.

Moderniseringsminister Morten Meyer tror at et større innslag av resultatlønn i det offentlige kan være bra. Fagforeninger i det offentlige, med unntak av Akademikerne, er ikke enige, og i et intervju med Aftenposten innrømmer nå Meyer at det kan hende at dette ikke har vært så vellykket til nå:

– Mer resultatbasert lønn krever at vi i offentlig sektor utvikler langt bedre verktøy for å måle hva vi faktisk presterer, sier Meyer.

Seniorrådgiver i Statskonsult, Siw Anita Vik, sier til Aftenposten at lønn er en kortsiktig motivasjon. Over et visst lønnsnivå er det ofte andre ting enn lønn og bonus som er avgjørende. For eksempel det å ha en utfordrende jobb. Ifølge en rapport fra Statskonsult kan det

Samarbeid om britisk naturvitenskap
Viktige naturvitenskaplege fag som kjemi og fysikk kan berre overleve dersom universitet og høyskular samarbeider. Det seier utvalet for vitenskap og teknologi i det britiske underhuset i ein rapport som nyleg vart utarbeidd. Rapporten har kome på bakgrunn av at stadig fleire naturvitenskaplege institutt rundt om i landet vert lagde ned, blant anna på grunn av for få søkjarar og for små ressursar. Utvalet vil sjå det ein kallar eit "system av nav og eiker" der sterke institutt kan støtte svakare miljø gjennom faglege nettverk. Ein peikar på at undervising i naturvitenskap og teknikk er ein grunnføresetnad for økonomisk vekst, samtidig som alle dei 130 universiteta i landet ikkje kan kjempe mot kvarandre om avgrensa ressursar. Framlegget er ynskt velkomen av det britiske universitetsforbundet Universities UK.

Grønmo ny UiB-rektor

Sigmund Grønmo vant en klar seier i rektorvalget ved Universitetet i Bergen (UiB) med 53,75 prosent av stemmene.

Prioriterer det sosiale

Den sosiale dimensjonen må kome i framgrunnen for arbeidet med ein European Higher Education Area (EHEA). Det seier den europeiske studentorganisasjonen ESIB i ei erklæring frå European Student Convention som nyleg vart halden i Luxembourg. Erklæringa er retta til deltakarane ved møtet i Bologna-prosessen i Bergen i mai. ESIB understrekar at dei nasjonale studiestøttesystema bør byggast ut slik at dei dekkjer alle, og at dei samtidig gjer mobilitet over grensene mogeleg. Studentane kjem òg med framlegg om å opprette eit "European mobility fund". ESIB åtvarar mot at det utviklar seg ein altfor sterk global konkurranse i det europeiske utdanningsområdet, og at utdanning vert gjort til ei handelsvare.

Sitatet:

Det faktum at NTNU er først ute med å benytte muligheten til ansettelse skaper momentum – NTNU kommer i støtet, og skaffer seg forsprang til konkurrentene. Mens de øvrige universitetene fortsetter å diskutere og velge, kan NTNU handle – komme på offensiven og være i forkant når det gjelder å skaffe seg økte ressurser nasjonalt og internasjonalt – og dermed øke kvaliteten på forskning og læring.

**Professor Arild Tjeldvoll,
Universitetet i Oslo**



Moderniseringsminister Morten Meyer strever med å finne argumenter for resultatlønn. (Foto: Scanpix)

Sidemålsprosjektet

Krass kritikk mot NIFU STEP

Oslo kommune har omsider funne eit forskingsmiljø som vil evaluere sidemålsforsøket. – Opplegget verkar svært enkelt. Eg er forundra over at NIFU STEP hevar seg over kritikken mot prosjektet, seier professor Kjell Lars Berge.

Utdanningsetaten i Oslo kommune har i fleire månader prøvd å få nokon til å evaluere sidemålsforsøket som vart sett i gang i fjor. Då forsøket med fritak frå skriftleg nynorsk vart vedteke, var ei fagleg evaluering ein føresetnad. No har NIFU STEP teke på seg oppdraget for kommunen, melder Dagsavisen. Avisa skriv at ein skal basere seg på resultat frå dei nasjonale prøvene, karakterutviklinga og kvalitative intervju med lærarar og elevar.

Ikkje betre enn før

– Eg ser ingenting her som tyder på at prosjektet har vorte betre sidan sist. Ingenting ser gjennomtenkt ut metodisk. Eg er overraska over at NIFU STEP i så liten grad har teke inn over seg innvendingane mot prosjektet frå kompetent hald, seier Kjell Lars Berge. Professoren ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier har markert seg som ein av dei argaste kritikarane av prosjektet. Han meiner at dei grunnleggjande problema med prosjektet framleis ikkje ser ut til å vere løyste: Ein har ikkje samla inn data for tilstanden/kunnskapane før fritaket vart starta. Korleis kan ein finne kontrollgrupper av elevar utanfor forsøket som er fullt ut samanliknelege?

Stussar over Aasen

– Bruk av nasjonale prøver og karakterar er ikkje godt nok som materiale. Ein må kalibrere karakterane mot blant anna sosial bakgrunn, dessutan kan det ligge eit påverknadsselement i karaktersettinga for dei som er med på prosjektet. Dersom ein skal vurdere skrivekompetansen til dei som er med, må det vurderast av folk som ikkje veit at dei er med, meiner Berge som ikkje er nådig mot NIFU STEP ved direk-



– Har økonomiske kalkyler meir å seie for NIFU STEP enn fagleg innhald? spør Kjell Lars Berge.

tør Petter Aasen.

– Eg stussar over at Petter Aasen tek så enkelt på dette. Ein forskingsinstitusjon er avhengig av inntekter: Er det slik at økonomiske kalkylar har hatt meir å seie enn det faglege forskingsinnhaldet? Eg vil seie det såpass krast som det, avsluttar Berge.

Av Kjetil A. Brottveit (tekst og foto)

Turbulens kring Midtausten

At Israel-Palestina-konflikten vekker motsetnader i akademia òg, viser to aktuelle hendingar i USA og Storbritannia. Ved Columbia University i New York er det politisk storm etter at ei rekkje professorar ved instituttet for Midtausten-studier har vorte kritiserte for å vere nedlatande mot proisraelske studentar. Ein undersøkingskommisjon har reinvaska dei frå skuldingane om antisemitisme, men ein av professorane med arabisk bakgrunn vert kritisert for å ha brote med god akademisk skikk gjennom einsidige politiske kommentarar. I Storbritannia er det ein liknande turbulent kring ein aksjon innanfor den leiande akademiske arbeidstakarorganisasjonen AUT. Ei rekkje medlemer krev at ein avbryt alt samarbeid med nokre israelske universitet som visstnok har bygd institusjonar på okkupert, arabisk jord.

EUs sjuande rammeprogram

EU-kommisjonen vil ha 73 milliardar euro i åra 2007-2013 i finansiering til det sjuande rammeprogrammet. Framlegget, som nyleg vart presentert i Brussel, inneber blant anna å opprette eit europeisk forskingsråd som kjem til å vere forskarstyrt og innretta mot grunnforskning av høg kvalitet. Kommisjonen meiner at 45 milliardar skal gå til området "cooperation". Dette gjeld blant anna samfinansiering av prosjekt innanfor ni tematiske forskingsområde, blant anna helse, nanoteknikk, energi og miljø. Samfunnsvitskap og humaniora er òg blant dei ni tematiske områda, men prosjekta innanfor naturvitskap og teknikk får mykje meir pengar. IT-området får til dømes 12,5 milliardar euro, medan humaniora og samfunnsvitskap får 0,8 milliardar. Elles er 7,2 milliardar euro sett av til rubrikken folk – det vil blant anna seie forskarutdanning og internasjonal forskarutveksling.

Svensk studiestøtte i verdstoppen

Sverige ligg i verdstoppen i studiestønad til høgskulestudiar. Det konstaterer amerikansk/kanadiske Educational Policy Institute Global Higher Education Rankings 2005 som nyleg vart publisert. Der er "affordability and accessibility" kring høgare utdanning i 15 industriland kartlagt. Sverige ligg på topp i kategorien "affordability" grunna studiestøttesystemet som kjem godt ut av det i ei internasjonal samanlikning. Finland kjem på andre, og Nederland på tredje plass. Sverige hamnar på niande plass i "accessibility", eitt meir komplisert mål der faktorar som prosentdel av folket i høgare utdanning, eksamensfrekvens og likestilling tel med. Her ligg Nederland fremst med Finland og Storbritannia på plassane bak. Danmark og Noreg er ikkje med i rankinga.

Tyske eliteuniversitet på vent

Mange trudde at regjeringssjefane i dei tyske delstatane nyleg skulle verte samde om ein avtale for utdanning og forskning som blant anna skulle resultere i eit program for eliteforskning på høgskular, finansiert gjennom ei milliardatsing framfor alt på føderalt nivå. Då utdanningsministrane i dei ulike delstatane møttest for nokre veker sidan, var alle utanom ministeren i Hessen for ein avtale. Det vart i staden eit overraskande samanbrot i forhandlingane då dei konservativt styrde delstatane hadde fleire innvendingar. Blant anna ville dei ikkje ha eliteuniversitet av frykt for eit system med A- og B-institusjonar i høgare utdanning. Forhandlingane må no starte på ny. Det tyske rektormøtet har i likskap med andre leiande forskingsorganisasjonar uttrykt at dei er forstøtte over samanbrotet.

Britisk høgskuleprøve

Kjem opptaket til universitet og høgskular i Storbritannia i framtida til å basere seg på ei opptaksprøve? No har eitt britisk og eit australsk "assessment agency" – analysebyrå – gått saman om å utarbeide ei nasjonal prøve som skal kunne vere opptaksgrunn i staden for dei tradisjonelle "A-levels" som gjeld i dag. Arbeidstittlen er "Academic reasoning and thinking skills test" Den britiske regjeringa har vist interesse for prosjektet. Ein grunn til det kan vere rapportane om karakterinflasjon som har gjort det vanskelegare å skilje ut elevar med toppkarakter ved opptak til fag med mange søkjarar per plass.

Svenske rektorer vil ta betalt

En majoritet av Sveriges universitetsrektorer vil at utenlandske studenter skal betale for undervisningen. To rektorer vil til og med ta betalt av svenske studenter, skriver Dagens Nyheter. Som i Norge kan studenter fra hele verden søke seg til Sverige og studere gratis. Den svenske regjeringen ønsker nå at studenter utenfor EU- og EØS-landene bør betale for undervisningen, og utreder for tiden en mulig ny slik ordning. Danmark har nettopp innført en betalingsordning.

Forskerforbundet

- Utmeldinga tvinga seg fram

Langvarig usemje om lønspolitikk og synet på arbeidstakaranes rettar førte til at Forskerforbundet melder seg ut av Akademikerne for å gå inn i ein ny hovudorganisasjon. – Vi måtte til slutt ta konsekvensen av at vi ikkje fekk gjennomslag for politikken vår, seier Kolbjørn Hagen, leiar i Forskerforbundet.

Forskerforbundet og Presteforeningen, som òg melder seg ut av Akademikerne, stiftar ein ny hovudorganisasjon saman med den eksisterande UHO – Utdanningsgruppenes hovudorganisasjon. Namnet på den nye alliansen vert Unio, Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede.

– Kvifor gjekk det slik?

– Det viktigaste var ulike syn på lønspolitikken i statleg sektor. Vi har heile tida ynskt ein tredelt modell: prosentvis tillegg til alle, sentrale justeringar og lokale forhandlingar. Dei sentrale justeringane har gjeve oss best uttelling dei siste åra. Akademikerne har gått inn for ein stadig større del til lokal fordeling. Det er spesielt problematisk at det endelege målet deira er å forhandle alt lokalt. For det store fleirtalet av medlemene våre er dette ein dårleg modell, seier Kolbjørn Hagen.

Ideologiske skilnader

Hagen meiner Akademikerne har eit anna syn enn oss på andre område òg:

– Dei har ikkje vore tydelege nok når det gjeld rettane til arbeidstakarar, seier Hagen, og nemner dei omstridde framlegga til ny Arbeidsmiljølov samt Embets- og tenestemannslov.

– I slike spørsmål har vi samarbeidd med LO, YS og UHO i staden for Akademikerne.

Hagen meiner at Forskerforbundet og Presteforeningen står nærare UHO enn dei andre forbunda i Akademikerne i ein del

politiske saker.

– Dette er eit spørsmål om kor folk arbeider. Dei fleste medlemene våre arbeider i offentleg sektor, medan næringsliv og frie yrke dominerer elles i Akademikerne.

– Pål Steigan skreiv i *Klassekampen* at utmeldinga er ein viktig siger i kampen mot marknadsliberalismen. Er du samd?

– Eg kan iallfall seie at vi har eit anna syn på privatisering og konkurranseutsetting enn fleirtalet i Akademikerne.

Det misnøgde mindretalet

Prosessen som endte med utmelding har pågått i nokre månader. Forskerforbundet har i vår hatt hemmelege sonderingar med Presteforeninga og UHO med framtidig samarbeid som mål.

– Landsrådet i Forskerforbundet evaluerte forholdet til Akademikerne etter hovudoppgjøret i fjor haust. Temaet vart diskutert på ny under Tariffkonferansen i februar i år. Etter å ha meldt tilbake til styret i Akademikerne og Akademikerne stat, hadde vi tru på at dei ville gå med på endringar i lønspolitikken. I staden avviste dei endringar blankt. Jobben vår er å ta vare på interessene til medlemmene våre best mogeleg, og vi såg oss ikkje i stand til dette innanfor denne lønsmodellen.

– Leiar Christl Kvam i Akademikerne seier i ei pressemelding: "Utmeldelsene er også overraskende fordi ingen av de to foreningene på noe tidspunkt har fremmet krav om at Akademikerne skal

– Forskerforbundet som før

Kolbjørn Hagen understrekar at Forskerforbundet går saman om ein ny hovudorganisasjon fordi dei som forhandlar med staten og med NAVO er avhengige av å vere representert i ein hovudorganisasjon for å kunne delta i lønsforhandlingar.

– I dei fleste andre samanhengar er vi ikkje avhengige av ein hovudorganisasjon. Forskerforbundet vil halde fram med å arbeide som Forskerforbundet i forskings- og utdanningspolitikk – overfor regjering og Storting. Det er vi som yter hjelp når medlemmene våre kjem i trøbbel, og bank- og forsikringsavtalane våre vert uendra.

endre sin lønnspolitikk." Kva seier du til det?

– Det er umogeleg at hovudstyret i Akademikerne og Akademikerne stat ikkje var klar over misnøyen vår. Dette vil eg faktisk avvise, seier Hagen og legg til:

– Sjølv om styret i Akademikerne var klar over sonderingane våre med UHO, tok ingen kontakt med oss.

– Var det deira ansvar?

– Ja, dersom dei visste om det og ynskte å ha oss, var det deira ansvar.

– Ein kan innvende at Forskerforbundet var illojalt og iallfall hadde eit delansvar for manglande kontakt?

– Det er eg ikkje samd i. Det kan dukke opp usemje i alle organisasjonar. Dersom usemja vert så sterk at ho trugar med å sprengje organisasjonen, er det fleirtalet sitt ansvar å ta kontakt med det misnøgde mindretalet. Dette føreset at mindretalet har gjort synet sitt kjent, og det har vi gjort.



Forskerforbundet har fått nye allierte i lønnskampen. (Foto: Forskerforum)

Forskerforbundet

Kort prosess

Landsrådet støtta massivt opp om skifte av hovudorganisasjon, men det øvste organet i Forskerforbundet vart ikkje trekt inn i avgjersla.

Landsrådet, eit rådgjevande organ i Forskerforbundet, var samla til møte i Oslo. Leiar Kolbjørn Hagen entra talarstolen fyrst. Han presenterte ei evaluering styret hadde gjort av tilhøvet til hovudorganisasjonen Akademikerne og la fram fire alternative vegar for Forskerforbundet: 1. Å halde fram i Akademikerne. 2. Å melde seg ut og operere på eiga hand. 3. Å gå inn i ein eksisterande

hovudorganisasjon. 4. Å skipe ein ny hovudorganisasjon saman med andre.

Samrøystes

Det var tidleg klårt at hovudstyret ved Hagen gjekk inn for alternativ 4. Dei 50 delegatane fekk lagt fram diverse dokumentasjon – blant anna eit utkast til verdigrunnlag for den nye organisasjonen. Saka vart så diskutert gruppevis, og i plenum etterpå fekk styret tilslutnad frå alle gruppene. Med eit samrøystes landsråd i ryggen vedtok styret å melde seg ut av Akademikerne for å skipe ein ny hovudorganisasjon.

– *Korleis forsvorar du at landsrådet måtte ta stilling til ei så viktig sak på staden?*

– Delegatane hadde på førehand fått eit notat med ei oppsummering av stoda. Det låg i sakas natur at sonderingane våre og dokumenta desse hadde resultert i, måtte vere konfidensielle. Dersom det på førehand var kjent for landsrådet at vi dreiv sonderingar, ville det ha vore ein stor fare for at det vart kjent, og at bordet fanga. Dermed ville landsrådet ha mist all innverknad på avgjersla. Berre eitt utfall, nemleg utmelding, hadde vore mogeleg.

Valet

– *Fanga ikkje bordet allereie då landsrådet var samla, det vil seie: Hadde dei noko reelt val?*

– Ja, dei fekk fire alternativ. Landsrådet fekk nok dokumentasjon til òg å kunne stoppe prosessen. Dersom eit stort mindretal hadde gått mot framlegget til styret, måtte vi ha gått minst ein runde til, med eit representantskapsmøte.

– *Styret tilrådde landsrådet å kome med ei tilråding til styret. Er ikkje dette ein kurios sirkel som kom av de sterkt trong legitimitet til ei så viktig avgjersle?*

– Generelt sett er ikkje ein slik framgangs-måte naturleg. Vi måtte balansere mellom to omsyn: å vere opne og demokratiske - og å halde dette hemmeleg. Derfor var det berre styret som hadde all dokumentasjon før landsrådet. Men då landsrådet fekk den same dokumentasjonen var det opp til dei å trekkje konklusjonar. Landsrådet er berre rådgjevande, og formelt sett kunne styret ha gjort vedtaket aleine, men det ville ha vore dumt av oss. 50 personar tenkjer grundigare enn åtte. Med den eintydige støtta landsrådet gav til eitt alternativ, meinte hovudstyret at det ikkje var naudsynt å innkalle representantskapet. Lokallaga som er med der, var òg representerte i landsrådet.

Av Kjetil A. Brottveit

Barroso vil samarbeide

Det trengs meir dialog mellom EU-kommisjonen i Brussel og dei europeiske universiteta. Det var hovudbodskapen då José Manuel Barroso, ordføraren i EU-kommisjonen, nyleg talte ved årsmøtet for European University Association (EUA) i Glasgow. Han sa at universiteta er viktige reiskap i arbeidet med å blåse nytt liv i Lisboa-prosessen for økonomisk utvikling, og han konstaterte at det trengs 700.000 nye forskarar i Europa i åra som kjem, blant anna for å erstatte årsklassane som går av med pensjon.

Sveits: Mange utanlandsstudantar

Sveits ligg på andreplass etter Australia når det gjed prosentdelen av utanlandske studantar i landet. Det går fram av tal som nyleg vart publiserte av det statistiske sentralbyrået i Sveits. Ikkje minst er Sveits attraktivt for dei som studerer på master- eller doktorgradsnivå. 40 prosent av alle doktorstudantar ved universiteta kjem frå andre land, mange av dei i fag som naturvitskap og teknikk – fagområde som har relativt få sveitsiske søkjarar. Ein av grunnane til at så mange vel Sveits, er at det finst mange framståande universitet der med undervising på tysk og fransk. Av dei utanlandske forskarane i landet er 36 prosent tyske, 15 prosent franske og ni prosent italienarar. Den europeiske dominansen er stor, og det er berre 14 prosent som kjem frå andre verdsdelar.

Ledere i lønnsгалopp

Lederlønningene ved NTNU har skutt i været de siste par årene og ligger nå høyere enn gjennomsnittlig professorlønn, skriver Universitetsavisa. Forskerforbundet frykter at skjevheten bare vil øke etter innføringen av enhetlig ledelse. Før 2002 tjente professorene ved NTNU i gjennomsnitt bedre enn fakultets- og stabdirektorene. Da skjedde en dreining av lønnsutviklingen til fordel for direktorene. Fra juni 2001 til februar 2005 har lederne hatt dobbelt så stor lønnsvekst som professorene, ifølge NTNUs lønnsstatistikk. Direktorene har i gjennomsnitt fått ti lønnstrinn mer, mens professorene bare har fått fem. I kroner og ører betyr økningen fra 437 000 til 500 000 for professorene, og fra 398 000 til 510 000 for direktorene.

Universitetsregister hjå Google

Søkjemotoren Google har kome med ei ny teneste: "Google's University Search". Der finn ein ei alfabetisk liste over universitet og høgskular over heile verda. Berre nokre få nordiske universitet er med på lista enno, men ein kan registrere seg kostnadsfritt. Registeret er uansett eit godt hjelpemiddel dersom ein vil finne ein spesifikk lærestad ein eller annan stad i verda.

Et steg nærmere universitet

Høgskolen i Bodø kan nå få doktorgradsutdanning i sosiologi, vedtok Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen i april. I følge rektor Frode Mellemvik betyr dette at høgskolen er ett skritt nærmere universitetsstatus.

Fakta

Unio

■ Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede (Unio) vart stifta 25. april.

■ Unio vert den nest største hovudorganisasjonen i landet med rundt 250 000 medlemmer.

■ UHO har desse medlemsforbunda, som no vert med i Unio:

Utdanningsforbundet
Norsk Sykepleierforbund
Politiets Fellesforbund
Norsk Fysioterapeutforbund
Norsk Ergoterapeutforbund
Det Norske Diakonforbund
Universitet- og Høyskoleutdannedes Forbund



Forskerforbundet

Fryktar 90-talet

Utmeldinga kan føre oss tilbake til lønspolitikken på 90-talet, og den var ein katastrofe for akademikarar, fryktar premissleverandøren for Akademikernes lønnspolitikk, sosiolog Geir Høgsnes.

– Eg forstår ikkje kvifor det skal vere lettare å få gjennomslag i lønspolitikken saman med lærarar, politifolk og sjukepleiarar, seier Geir Høgsnes, professor i sosiologi ved Universitetet i Oslo, og ekspert på arbeids- og organisasjonsliv. Han er styrar ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, og har gjennom forskinga si lagt grunnlaget for Akademikernes lønnspolitikk.

Staten

– No kjem ein på line med LO i lønspolitikken – nemleg at alt skal fordelast sentralt. Lik løn for likt arbeid og ferdig med det. Forskerforbundet har gått inn for ein viss del av lønspoten til lokale forhandlingar, medan lærarane er heilt mot lokal lønsdanning. Kvifor skal ein då alliere seg med dei? spør Høgsnes.

– Men lærarane tilhøyrer kommunal sektor no. Dei forhandlar ikkje med staten?

– Eg ser poenget, men dersom dei hadde vore i staten, hadde det vore endå verre. Kva hindrar Forskerforbundet i å arbeide for lønspolitikken sin i Akademikerne?

– Dei har vel prøvd, men vorte nedstemte av eit fleirtal i Akademikerne?

– For å snakke som instituttstyrar: I 2002 fekk vi eit svært godt oppgjør – nokre ved instituttet gjekk opp med 10 lønstrinn. Dette hadde vi aldri fått til utan lokale pottar. Eg kan garantere at mange her ville ha tent 50 000 mindre i året dersom vi ikkje hadde hatt høve til å gje lokale tillegg. Vi veit kva som hende på 90-talet med blant anna solidaritetsalternativet. Lønspolitikken då var ein katastrofe for akademisk personale, avsluttar Høgsnes.

Maksgrense for studieavgifter

Tyskland: Utdanningspolitikarar i ei rekkje konservativt styrde delstatar har fastsett at 500 euro – kring 8000 kroner – skal vere maksimal studieavgift per semester. Forfatningsdomstolen har tidlegare gjeve klarsignal for innføring av studieavgifter. Tidspunktet for innføringa er uvisst, men i Baden-Württemberg reknar ein med at det skjer frå og med haustsemesteret i 2007. Maksgrensa har vorte kritisert av blant andre representantar frå næringslivet som tykkjer det er ei halvhjarta avgjersle. Ein peikar på at denne summen tilsvarar om lag ein fjerdedel av kva ein må betale ved delstatsuniversitet i USA. Politikarane må likevel ta omsyn til forfatningsdomstolens ytring om at avgiftene ikkje må få uønskte sosiale konsekvensar.



Geir Høgsnes tvilar på at Unio er betre enn Akademikerne.

– Både sentralt og lokalt

Forskerforbundets leiar Kolbjørn Hagen avviser innvendingane.

– Dersom det var slik at alt skulle fordelast sentralt i UHO, ville eg ha vore samd med Høgsnes i at det var ei dårleg løysing. Men dette er ikkje UHOs lønspolitik, og absolutt ikkje Forskerforbundets lønspolitik. Vi vil ha ein betydeleg del til lokal fordeling, men dersom alt skulle fordelast lokalt, hadde det vore svært uheldig for medlemene våre på

arbeidsplassar der vi organiserer fleirtalet av dei tilsette, seier Hagen.

Når det gjeld UHOs lønspolitik, viser Hagen til dokumentet "UHOs prioriteringer", punktet om Inntektspolitikk og tariff 2005 der det heiter: "UHO vil arbeide for en lønnsdannelse basert på en tonivåmodell med både sentrale forhandlinger og lokale forhandlinger innenfor en fastsatt ramme."

Av Kjetil A. Brottveit (tekst og foto)

Forskerforbundet

Positive lokallag

Lokallaga i Forskerforbundet melder om få, men stort sett positive, reaksjonar frå medlemene.

– Éin av våre 1009 medlemmer har kome med ein kommentar om eventuell utmelding som fylgje av skiftet, seier organisasjonssekretær Kari Meidell i Forskerforbundet ved Universitetet i Bergen.

– Det verkar som om medlemmene våre bryr seg lite om hovudorganisasjon så lenge dei er med i Forskerforbundet, seier Meidell.

– Det har vore svært roleg blant medlemene våre, seier tillitsvald Svein Olav Antonsen i Forskerforbundet ved NTNU.

– Vi arrangerte eit medlemsmøte der den nye situasjonen, og korleis ein psykologisk såg på den, vart lufta. Berre ein person meinte det kunne vere eit kjenslemessig problem at vi ikkje tilhøyrer Akademikerne lenger. Men vi har ikkje registrert utmeldingar på grunn av dette.

– Kva spør eventuelt medlemene om?

– Dei lurer på om bank- og forsikringsavtalane står ved lag. Det kan vi jo fortelje at dei gjer. Nokre har òg spurt om korleis det stiller seg med dobbeltmedlemskapen, men den står ved lag, seier Antonsen.

– Her har det vore relativt få reaksjonar, men dei er utelukkande positive, seier Egil Børge Mikalsen, hovudtillitsvald i Forskerforbundet ved Universitetet i Tromsø.

– Eg trur folk flest har sett at lønspolitikken ikkje har vore god for medlemene våre eller for statstilsette generelt. Dei som fylgde med i lønnsoppgjeret i fjor, steila over at Akademikerne sette seg på sidelinja i forhold til dei andre hovudorganisasjonane. Det er å be om juling, seier Mikalsen som ikkje har registrert inn- eller utmeldingar som fylgje av skiftet.

Av Kjetil A. Brottveit

Utdanning

Eit 40-tals ministrar til Bergen

Bergen blir sentrum for europeisk utdanningspolitikk i mai. Målet er å lage eit felles utdanningsområde i Europa innan 2010.

I 1999 kom dåverande utdanningsminister Jon Lilletun tilbake frå eit ministtermøte i Bologna. Frå møtet, som knapt nokon hadde høyrt om, hadde den populære ministeren eit underskrive dokument om at Noreg tok sikte på å legge om utdanninga til eit tonivåsystem med bachelor og master. Lilletun møtte høglydt kritikk og blei skulda for å binde norsk utdanningspolitikk før Stortinget hadde fått sett på saka.

– Ikkje forplikande, var svaret frå den joviale vossingen, som samtidig gav medisinsprofessoren Ole Danbolt Mjøs i oppdrag å lage eit forslag til nytt utdanningssystem i Noreg.

Mjøsutvalget blei til kvalitetsreform, og resten er historie.

Til Bergen

Men Bolognaprosessen rullar altså vidare. Dei 29 landa som først skreiv under har blitt til 40. Elleve nye land kom til på "bolognamøtet" i Berlin i 2003, blant andre Russland og landa på Balkan. Framfor ministtermøtet i Bergen venter fem nye land.

Sekretariatsleiar Per Nyborg ser fram til møtet i Bergen.

– *Kva vil de oppnå i Bergen?*

– Eit hovudmål er å lage overgripande rammer for høgare utdanning. Ministrane vil fastsette felles prinsipp for kvalitetssikring av utdanninga, ikkje berre for institusjonane, men òg dei nasjonale kvalitetssikringsorgana, slik som det norske NOKUT. Dei vil òg lage eit europeisk rammeverk for høgare utdanning som dei ulike nasjonale systema kan passe inn i. I tida mellom førre møtet i Berlin og møtet i Bergen har dei 40 medlemslanda dessutan laga eigne rapportar om kor langt dei har kome i "Bolognaprosessen". Difor blir det gjort opp status for prosessen, slik at vi kan konkretisere den vidare framdrifta.

Lite strid

– *Kva er stridsspørsmåla?*

– Nokre ønskjer å få laga ein eigen komité som skal overvake kvalitetssikringa, men det blir det neppe noko av. Eit stikkord for arbeidet har heile tida vore at reformene skal vere eit nasjonalt ansvar. Vi vil ikkje ha overnasjonale organ.

– *Dette er ikkje noko EU-prosjekt, sidan det femner over langt fleire land. Skaper det problem i forhold til EU?*

– Vi er innanfor eit felt der EU har store ambisjonar og nærast overlappende interesser. Hittil ser det ut som om EU har vald ein strategi der dei held seg i bakgrunnen, men vi får sjå korleis dette blir i og etter møtet i Bergen.

– *Kor bindande er vedtaka som blir gjort på desse ministtermøta?*

– Dei er ikkje formelt bindande. Det er opp til ministrane sjølve og dei landa dei representerer å gjennomføre måla. På eit felt kan vi

likevel seie at prosessen kan vere bindande. Det gjeld dei gjensidige godkjenningane av utdanning mellom medlemslanda. Her har vi ein konvensjon som 31 av dei 40 landa har ratifisert og som har status på linje med norsk lovverk.

Ulikt tempo

– I Noreg har vi vel gjort mesteparten av "vår del" av prosessen. Korleis går det med framdrifta elles?

– Vi ser at tempoet er svært ulikt frå land til land. Dette har sjølvsagt mykje med økonomi å gjere. Land frå Aust-Europa og det tidlegare Sovjetunionen har ikkje den same økonomiske rygggrada som Noreg til å gjennomføre store reformer som kvalitetsreforma. Trass i dette er det mange fattigare land som strekkjer seg svært langt for å modernisere utdannings-systemet sitt.

– *Er det blokker blant medlemslanda som har sin eigen dagsorden?*

– I forbausande liten grad. Dei nordiske landa har vore opptekne av å få nedfelt at utdanning har ein sosial dimensjon, og får gjennomslag for det. Vi opererer med gratis høgare utdanning og mål om sosial utjamning, og er soleis ulike resten av verda. Men prinsippet om at alle skal ha ha lik rett til høgare utdanning, har vi fått gjennom.

Av Ingar Myking



Sekretariatsleiar Per Nyborg ser fram til "Bolognamøtet" i Bergen. (foto: Kjetil A. Brottveit)

Fakta

Bologna-prosessen

Starta i 1999 og vil gjere Europa til eitt område for høgare utdanning innan 2010. Her er nokre verkemiddel:

- Innføre eit system av lett leselege og samanliknelege grader
- Innføre eit to-trinns gradssystem
- Innføre studiepoengssystem (ECTS)
- Fjerne hindre for mobilitet blant studentar og tilsette
- Styrke europeisk samarbeid om kvalitetssikring
- Utvide samarbeidet til også å omfatte doktorgradsstudium

Austerrike fryktar studentinvasjon

I Austerrike fryktar somme at tyske studentar i hopetal skal kome til universiteta i landet. Austerrike er nesten unikt i Europa med fri tilgang til høgare utdanning, men no kan EU-domstolen i Luxembourg slå fast at søkjarar frå heile EU må få tilgang til studieplassar på same vilkår som austerrikske studentar. Det gjeld òg medisins, der utveljinga fyrst skjer etter eitt innleiande studieår. Det er fyrst og fremst innan medisins ein fryktar at tusenvis av tyskarar skal kome og konkurrere om plassane på same vilkår som landets eigne studentar. Dersom EU-domstolen opnar for likebehandling av alle søkjarar frå EU, kan landet verte tvinga til å endre dei liberale opptaksreglane.

England: Seks nye universitet

Seks engelske "higher education colleges" utan faste forskingsressursar kjem etter alt å dømme til å verte universitet etter at den britiske regjeringa har fastsett nye reglar. Dei seks institusjonane har vorte godkjente av The Quality Assurance Agency, og den formelle avgjersla frå regjeringa er venta om nokre månader. Dei nye universiteta, som blant anna ligg i Canterbury, Liverpool og Southampton, kjem ikkje til å ha rett til å skrive ut doktorgrader. Dei ynskjer ikkje nemninga "teaching only institutions" sjølve, ettersom mange av lærarane har forskarutdanning og driv forskning ved hjelp av eksterne midlar. Ytterlegare tre colleges står i kø for å verte kvalitetsvurderte.

PC-ar til franske studentar

Over 100.000 studentar har skaffa seg berbare PC-ar etter at det franske utdanningsdepartementet sette i gang eit tiltak i fjor haust. 32.000 av dei har gjort nytte av gunstige lån som vart gjevne til føremålet. Lånesummen har i gjennomsnitt vore 1.400 euro – rundt 11.000 kroner. For mange av studentane er det den fyrste, eigne PC-en, og innkjøpsprogrammet har vore samordna med ei utbygging av kapasiteten for trådløst internett ved universiteta. For eitt år sidan kunne berre 18 prosent av universiteta tilby dette. I dag har dette auka til heile 95 prosent.

Nordmenn mest utdannet i Europa

Norge har den høyeste prosentandelen som fullfører høyere utdanning i aldersgruppen 25-34 år. Tallene ble innhentet i 2002 og er publisert i den ferske OECD Factbook 2005. Her troner Norge altså øverst på europatoppen, men må se seg slått av Canada, Japan og Korea på verdensbasis, skriver Universitas.

Endrer ikke sykelønnsordningen

Regjeringen kommer likevel ikke til å innføre økt betaling for arbeidsgiverne i forbindelse med sykelønnsordningen. Regjeringen foreslo i fjor høst, i statsbudsjettet for 2005, at arbeidsgiver måtte ta en større del av kostnaden ved sykefravær.

Vitenskapelig publisering

Nytt system endrer forskningsfinansiering

Norske universiteter og høyskoler får forskningspenger etter antall publikasjoner allerede i neste års statsbudsjett.

Universitets- og høyskolerådet (UHR) presenterte nylig det ferdige autoritetsregisteret over publikasjoner som vil gi finansiell uttelling. Effekten kommer allerede over neste års rammetildelinger.

– Vi har 2004-data som skal inn i budsjettforslaget i oktober, forteller Erik B. Pettersen, underdirektør i universitets- og høyskoleavdelingen i UFD.

To nivå

De publisistiske prestasjonene som skal gi penger i kassen til institusjonen som forskerne publiserer fra, er fordelt på 5069 humanistisk-samfunnsvitenskapelige, 5506 biomedisinske og 3447 naturvitenskapelig-matematiske publikasjoner på lavt nivå (Nivå 1). Nivå 2 – som gir opp til femdobbel uttelling for en artikkel – omfatter 1545 utgivelser. Ifølge departementet skyldes inndelingen erfaringer fra andre land.

– I andre land har man opplevd mange publiseringer av det enkle slaget, noe vi ser for eksempel i Australia, forteller Pettersen.

Rykter

Leder Eva Løveid Mølster i Tidsskriftforeningen etterlyser en debatt om kravene til vitenskapelighet i publikasjoner. De 40 tidsskriftene i foreningen falt både innenfor og utenfor i utvelgelsen av publikasjonskanaler til autoritetsregisteret.

– På vegne av alle de utelatte tidsskriftene vil jeg spørre hvordan utvelgelsen av artiklene

skjer på forhånd for at tidsskriftet skal kunne regnes som vitenskapelig, sier Løveid Mølster til Forskerforum.

– Det mange spør seg om nå, er hvorfor akkurat de, og ikke oss? sier Løveid Mølster.

Mens Nytt Norsk Tidsskrift og Kirke og Kultur er godkjente kanaler for resultatbasert finansiering, har Samtiden og Syn og Segn falt utenfor. I sin siste leder skriver redaktør Knut Olav Åmås i Samtiden at tidsskriftet vil gjøre sitt beste for å bevise at skillet mellom de nevnte publikasjonene er vilkårlig og må oppheves.

Historisk tidsskrift

Historikere ved Universitetet i Oslo (UiO) argumenterer for å få Historisk tidsskrift opp til nivå to i autoritetsregisteret – som den fremste formidler av norsk historie. Professor i moderne historie Eivind Myhre sier at man er nødt til å forholde seg til publikasjonssystemet når det først "er kjørt gjennom," men at systemet ikke kan bli rettfærdig.

– Vi har fått et tungrodd byråkratisk system, i motsetning til hva som ble forespeilet oss gjennom intensjonen til Gundersen-utvalget i begynnelsen av denne debatten, hevder Myhre. Han mener autoritetsregisteret genererer tilpasninger av typen dobbeltpublisering og rent oversettelsesarbeid for å få flere artikler på trykk.

– Dette bekrefter mine argumenter mot ordningen, sier Myhre.

Varig gevinst

SV-dekan og professor i økonomi Asbjørn Rødseth ved UiO er leder for Nasjonalt fakultetsmøte for SV-fak. Han satt i faglig utvalg for

SV-dekan og professor i økonomi Asbjørn Rødseth ved UiO satt i utvalget som står bak det nye autoritetsregisteret. (Foto: Forskerforum)



dokumentasjon av vitenskapelig publisering, utvalget som står bak det nye autoritetsregisteret i UHR. Under et foredrag for Forskerforbundet i april påpekte Rødseth at dokumentasjonssystemet som nå skal prøves ut i praksis har stor usikkerhet knyttet til effektene. Han ser for seg at både fagfordeling og fordeling til nivå 2 i registeret kan slå skeivt ut. Rødseth er imidlertid klar på at systemet vil gi varig gevinst, selv om fordeling, kvalitet eller intern administrasjon skulle føre til avskaffelse av ordningen etter en periode.

– Uansett viser erfaringer fra lignende ordninger at det vil bli betydelig flere norske vitenskapelige publiseringer i årene som kommer. Ved mitt fakultet i Oslo var det også i høy grad konsensus om ordningen. Så gjenstår det å se om kvaliteten også blir bedre, sa Rødseth.

Av Andreas Høy Knudsen

Fakta

Vekting av publikasjoner

■ Vitenskapelig publisering i Norge skal klassifiseres etter to nivå, med ulike poengscore.

■ Institusjonene belønnes og straffes over budsjettene etter mengden poengscore.

på seint 1970-tal. På denne tida var det meir vanleg for breie lag å søkje seg til det som då var gymnaset, og kommunen satsa sterkt på skule, barnehage og kultur. Odda fekk eit fantastisk bibliotek, og hadde ein flott symjehall.

– Men symjehallen der er vel eldre?

– Ja, den vart bygd på 50-talet, den gongen



ein var så fattig at ein hadde råd til å bygge slike ting.

– Kan du utdjupe paradokset?

– Det fanst pionerar som såg verdien i idrett som folkerørsløse. Stat og kommune gjekk saman i dugnader om store byggeprosjekt. Idrettsanlegga stod for både aktivitet og fellesskap, og dei var samtidig symbol på framgang. Dei var faktisk det òg, *symbol*, og miljøfaktorar som kunne gje både topp og breidde.

– Dersom idretten er ei line i livet ditt. Kva er det som dreg?

– Kan hende er det særleg organisatorisk: Korleis ein skaffar seg innverknad og vert med i eit fellesskap. Å drive med sport handlar òg om å oppnå resultat.

Folkestad har hatt verv innan idrett sidan ungdomsskulen, og då han var 12-13 år skipa han idrettsklubben Kvikk.

– Eg flytta ein del i oppveksten, og kan hende det òg hadde noko å seie. Idrett og lek var noko ein kunne finne att alle plassar.

– Er konkurranseinstinktet òg ei drivkraft i idrettsinteresse di?

– Ja, iallfall noko som er retta mot prestasjon. Det kan eg vedkjenne meg. Dersom eg kan rette blikket mot skule- og utdanningspolitikk: Det har lenge vore farleg å snakke om faglege prestasjonar, og på eitt felt har Clemet gjort rett - ho har sett søkeljos på faglege prestasjonar.

– Du brukte ordet "vedkjenne". Tyder det på at du òg er fanga av klimaet du skildrar - konkurranseinstinkt er noko ein må be om orsaking for?

– Eg er kanskje det, men dette er nok ein ballast for generasjonen min.

EG FORTEL AT EG HAR snakka med ein tidlegare elev av han frå eit idrettsgymnas. Han tilhørte ein gjeng som satsa ganske hardt på alpint og var i landstoppen i aldersbestemte klassar. Men sjølv om det var eit viktig renn laurdag, måtte ein fylgje skuleprogrammet fredag - om det så var eit langt løp som øydela forma til dagen etter.

– Vi var ikkje gode nok til å kombinere breidde og toppidrett. Vi var redde for at prestasjonar var eit trugsmål mot omsorgsperspektivet og likskapsidealet. Eg trur vi vippa for langt mot ein bestemt idealisme. Flåsete sagt var vi prega av ein sosialdemokratisk snilisme, seier Folkestad og legg til:

– Det er eit evig spørsmål om ein skal dyrke det allsidige eller satse på tidleg spesialisering. No er det ein fare for at ein vippar for langt den andre vegen - ikkje ut frå behova til barn og ungdom, men kommersialisme. Ein set talent på gras for at dei ein gong skal verte profesjonelle utøvarar.

– Kan Forskerforbundet tilføre ein dose elitisme til den nye hovudorganisasjonen?

– Ja, meir naturleg prestasjonslegitimitet er noko velferdssystemet òg kan ha godt av. Dersom eg skulle ha kome med eit slagord for organisasjonen, vart det kanskje "Vi skaper verdiar". Det gjeld å rive til seg ei forståing i samfunnsdebatten av at verdiskaping er noko

meir enn det økonomiske, snevre begrepet - denne tydinga som NHO prøver å gjere hegemonisk.

HAN SNAKKAR MYKJE OM samspel mellom offentleg og privat sektor, om spisskompetanse, om lokal og regional næringsutvikling, og der rakk eg å notere ei heil setning:

– Ein del høgskular er meir opptekne av å vere miniuniversitet enn å ta jobben med regional næringsutvikling.

Han seier industri, handel, service, og her er ei heil setning til:

– Vi treng heile verdikjeda av kunnskap i yrkesspennt helse, omsorg, tryggleik og utdanning.

– No gløynde du prestane i verdikjeda di?

– Ja, eg nemnde dei kanskje ikkje, men kyrkja er der. Ho er med til fulle. Er det noko folk reknar med, så er det kyrkja.

KVAR HAUST ER DET Skjervheim-seminar på eit hotell ved Voss. Når folk samlar seg til diskusjon og opplysing i namnet til den store filosofen, er Folkestad stundom med.

– Ja, eg har meldt meg på i år òg.

– Ein kan få assosiasjonar til ein gamal, intellektuell Venstre-tradisjon?

– Det er mykje godt stoff i det klassiske Venstre-idealet, men det pregar ikkje partiet så mykje i dag. Eg er ein liberal kollektivist. Det kan kanskje høyrast motsetnadsfullt ut, men det heng òg saman. Eg vil ha eit liberalt samfunn med plass til meiningsbryting. Verdiane må vi oppnå i fellesskap.

Vert han noko politiskaraktig av og til? I denne delen av intervjuet vert eg meir oppteken av gestikuleringane hans enn av innhaldet. Men han snakkar om rom og plass for individ, om takhøgde (høg hand), at ein må gå saman (han knyttar neven), ein må skape verdiar (sirkulær rørsle med handa). Er det slik Bondevik viser verdiar, eller har Folkestad sin eigen versjon?

Men det var Skjervheim-seminaret. Eg spør kva han gjer der.

– Det er for å kome inn i heilt andre tanke-rekkjer enn dei tariffavtalane kan by på.

DET MESTE SOM KAN kallast kommersialisme i offentleg sektor er ein fiende i Folkestads augo, såpass må ein kunne slå fast.

– Business- og management-tankegangen kan vere eit trugsmål innanfrå òg, seier han med tanke på institusjonar som universitet.

– Det kan vere freistande å bruke argument om at marknaden har stor etterspurnad etter det ein gjer. Men då vert det nesten som om ein ikkje fortener løn når marknaden ikkje etterspør. Francis Sejersted har skrive godt om balansen mellom kulturargumentet for utdanning og forskning på den eine sida, og det økonomiske grunnlaget på den andre. Dersom den eine sida får overtaket, kjem skadeverknadene. Individualiseringa og marknadstilpassinga som Akademikerne har stått for, er ikkje ein farbar veg for den store hop.

«Individualiseringa og marknadstilpassinga som Akademikerne har stått for, er ikkje ein farbar veg for den store hop.»

IDRETT OG SAMFUNN, breidde og topp. Kva med Folkestad som fagforeiningsmann: Er han ein samlande figur? Han er iallfall ein figur som samlar fagorganisasjonar. I 1993 vart Lærerforbundet stifta etter ei samanslåing mellom fire lærarorganisasjonar. Folkestad vart leiar. I 2001 slo Lærerforbundet seg saman Lærerlaget. Resultatet vart Utdanningsforbundet. I 2001 vart UHO stifta, og tyngda frå dei 134.000 lærarmedlemene er med på å gjere UHO til den nest største arbeidstakarorganisasjonen i landet etter LO.

– Du har vore med på så mange fusjonar. Er du ein fagforeinings-Røkke?

– Nei, han splittar opp att selskapa etterpå.

– Men du har vore kjend for å vere ein krigar i fagforeiningssamanheng?

– Ja, det er liten tvil om at eg har ført ei aksjonistisk line. Både lærarane og sjukepleiarane har forandra karakter som fagforeinings- og samfunnsmenneskje. Det er eit steg frå sjukepleiarane som føyelege damer i kvitt og fram til ulovlege streikar.

– Meiner du at sjølobiletet deira har endra seg?

– Ja, men òg det observerte biletet. Tenk òg på Lektorlaget. Dei var forsvararane av embetsmannsstaten, dei hadde sterk lojalitet til yrket og styresmaktene. Dei opplevde at samfunnskontrakten vart broten, at staten misbrukte lojaliteten deira. Dermed vart dei krigerske og aksjonistiske.

FOLKESTAD HAR VORE forhandlingsleiar for området stat i AF - Akademikernes Fellesorganisasjon, og han har streika med dei òg.

– No er vi fire hovudorganisasjonar. Enkelte meiner det er for mange. For meg er det iallfall viktig at vi er partipolitisk uavhengige, at vi både kan slå i ulike retningar - og få støtte frå ulike kantar.

– Kva trur du om kampviljen i Forskerforbundet?

– Vi har sett noko av den i motstanden mot Ryssdal-utvalet. Aktiv motstand - det trengst i ein del situasjonar.

Det nærmar seg slutten av møtet vårt, og no fell replikken om Athene og Zevs. Slik signaliserer Folkestad at vitenskap ikkje er nok, her må òg vere vilje til strid.

Seinare finn eg ut at Athene ikkje berre er gudinne for kunst, vitenskap og høgare utdanning. Ho står òg for ordna krigføring.

Eg trur det må vere det han meiner.

På feil premisser

Bjørn Vassnes vil framheve biologiens inn-
sikter, men lar sin egen agenda overskyg-
ge en potensielt interessant diskusjon.

DA STJERNEARKITEKTEN Frank Gehry tegnet det nye tilbygget på MIT i Boston, tok han utgangspunkt i orangutangenes sosiale mønster for å gi bygget funksjonalitet. Det sies at professorene ble hysteriske da de oppdaget det. Bjørn Vassnes er så oppbrakt over holdningene til naturvitenskap og biologi at han kanskje tror at feministene, humanister og samfunnsvitene kommer til å bli hysteriske over hans bok. Det blir de nok ikke, men det er synd at forskningsjournalisten Vassnes' syn på kjønn overskygger det han har å si om naturvitenskapelige inn-
sikter. For hans bok framstår mest av alt som et korstog mot konstruktivisme, feministene og kjønnsforskerne. Disse, hevder Vassnes, har ikke bare politisert, men også styrt den vitenskapelige diskusjonen. Dette må ha gått hardt for seg. Vassnes har blitt så bitter at han til alt overmål konsekvent omtaler kollegene sine som "kjønnsforskere", i hersketeknikkens enkleste grep, hermetegnet. Leseren kan stusse over at han ikke ville gå inn i debatt med disse "forskerne" (Jeg vet ikke hvor de er "ansatt", på "institutter"? Hvor de "underviser" i "pensum"? men likevel bruker meste-
parten av energien sin på å motsi dem, slik at en populærformidlende bok til slutt framstår som en rendyrket pamflett – som kronas av det lite tvetydige kapittelet "Leve forskjellene!" Bakgrunnen for slagordet er at Vassnes finner genene som mer styrende for mennesket enn kultur. Både seksualitet, karrierevalg og sosial omgang bestemmes av genenes egeninteresse for å overleve. Problemet oppstår i det dette naturvitenskapelige materialet brukes ureflektert og normativt.

VASSNES' AGENDA ER nemlig ikke å sindig tilbakevise argumenter som vært lenge – og her har han nok rett – har aldri underlagt ideologi. Hans agenda er heller ikke bare å revitalisere naturvitenskapelige innsikter, men å argumentere for et annet samfunn, en annen diskurs og i sin ytterste konsekvens å tøyte feminismen. Likestillingen har ikke nådd fram, konkluderer Vassnes, og viser til at yrkesvalgene fremdeles går inn i rigide kjønns-
mønstre. "Kanskje grunnen til at de liker å jobbe med unger, er at evolusjonen har utstyrt dem med slike preferanser?" foreslår han om jenters yrkesvalg. Det er en interessant diskusjon, men ikke på Vassnes' premisser, som allerede er lagt. Han mener kjønne har en "naturlig arbeidsdeling". Menn har - statistisk - større ambisjoner fordi de har mer å tjene på å klatre til topps reproduktivt sett, og man kan ikke forvente "noen statistisk likhet

mellom kjønne." Kvinner er "mindre egnet som militære ledere, der det ofte er viktigere å handle raskt enn riktig" men henvises sjenerøst til andre kompetanseområder hvor kvinner kan gjøre det godt, "empatikerne" som han kaller dem. Vassnes viser også til forskeren Helen Fisher som mener kvinners empatiske evne gjør at "kvinner har en fordel i dagens samfunnsliv". Her kunne et blikk på andre vitenskaper tjent han godt, hvor en slik påstand i beste fall framstår som diskutabel og politisk motivert.

Bjørn Vassnes

**Livets dans
– om kjønn, krig og
kjærlighet**

**Humanist Forlag
2004**

164 sider

Men i likhet med "kjønnsforskerne" er andre fag plassert i skammekroken. Leseren sitter igjen med en distinkt følelse av at positivismen fremdeles rår grunnen, og at naturvitenskapene er den eneste malen for vitenskapelig produksjon. Men her svinger det til gjengjeld, ja, menneskeheten står overfor en revolusjon av kopernikanske dimensjoner. Synd at Vassnes samtidig utradere teknikker, innsikter og analyser fra humaniora. "De som har vært vant til å tenke på mennesker som engler heller enn dyr, som løsrevet fra naturen, vil helst prøve å fornekte det nye, biologiske perspektivet på mennesket," sier Vassnes allerede på side 8.

SETT I LYS AV Vassnes' skarpe kritikk mot kjønnsforskerne, skulle man tro at han var eksemplarisk vitenskapelig, selv i en popularisert bok. Det er ikke tilfellet. Hos primatene foretrekker hunnene én partner om gangen, forteller Vassnes, og trekker en parallell til kvinners seksualitet, som tydeligvis ikke inkluderer porno, hvor "en stor mengde menn tenner på helt ukjente kvinner. Noe tilsvarende gjelder ikke kvinner" påstår han. For å gi denne ekstremt tvilsomme påstanden et skinn av kunnskap og bevis, viser han til

et forsøk fra 1970-tallet, basert på kjøp av pornobladene *Playgirl* og *Viva*, hvor de fleste kjøperne av damepornoen var homofile menn. Dette er direkte pinlig, og dersom Vassnes skulle ha hardere skyts å komme med, er det eneste redelige å blottlegge de vitenskapelige argumentene for leseren – for at leseren skal kunne ta stilling til dem. Den populærvitenskapelige tonen kan bli uhyre upresis, og brukes til det kjedsommelige som et redskap for Vassnes' egen polemiske agenda, som når han viser til en art som har over 100 kjønn, tenk om det gjaldt for mennesket! "Hvordan skulle for eksempel kjønnskvoteering da praktiseres?" dulter han borti leseren.

Utgivelsen burde vært redigert med hard hånd for å få mer vekt på de tingene biologien faktisk har å si om kjønn og en diskusjon av det, framfor det Vassnes har å si om likestilling. Det ville strukturert den naturvitenskapelige diskusjonen om hva genene har å si for hvordan vi formes – her strander diskusjonen for fort, der den kunne blitt spennende: Vassnes trekker fram interessante eksempler, som effekten av seksuell seleksjon i dyreriket, eller fenomen som nordamerikanske piskehale-
øgler, som utelukkende er hunner, og som kan produsere egg som klekkes ut med 100 prosent av deres mors DNA. Men Vassnes' vitenskap er like motivert av politikk som han anklager sine kollegers "forskning" for å være. Det har imidlertid vært en blind flekk både hos forfatter og forlag. Utgivelsen har fått hard medfart, og kritikken har blitt lest nettopp som hysteri over at biologien skal overstyre de politiske korrekte holdningene. Men det er snarere skuffelse over at Vassnes har reist et byggverk som ikke kan brukes til noe annet enn å redusere interessante diskusjoner til normative slagord.

Av Karin Haugen



Høgskolen
i Finnmark,
9509 Alta.
Tlf. 78 45 05 00.
Faks 78 43 44 38.

Høgskolen i Finnmark

Ledig stilling

Ved Avdeling for Helsefag i Hammerfest er følgende stillinger ledige:

- PROFESSOR 2/FØRSTEAMANUENSIS/FØRSTELEKTOR
I HELSEFAG, engasjement i 20 % stilling fra 1.8.2005 til 31.7.2007
- FØRSTEAMANUENSIS/FØRSTELEKTOR/HØGSKOLELEKTOR/
EVENTUELT HØGSKOLELÆRER I HELSEFAG/SYKEPLEIE,
engasjement i 50 % stilling fra 1.8.2005 til 30.6.2008, med arbeids-
sted Kirkenes
- FØRSTEAMANUENSIS/FØRSTELEKTOR/HØGSKOLELEKTOR/
EVENTUELT HØGSKOLELÆRER I HELSEFAG/SYKEPLEIE/
PEDAGOGIKK/ SOSIOLOGI
engasjement i 100 % stilling fra 1.8.2005 til 31.10.2008 **Ref. 928**

Opplysninger om stillingene fås ved henvendelse til Dekan Siw Blix,
tlf. 78 42 78 32/90 96 77 86 eller studieleder Grete Mehus,
tlf. 78 42 78 42/90 51 12 13

Det vises til Norsk Lysingsblad nr.93, 25.4.2005. Utlysningstekst og betenkning er lagt ut på høgskolens hjemmeside: <http://www.hifm.no>.

Søknad sendes til Avdeling for helsefag, Høgskolen i Finnmark, PB 1203 Fuglenes, 9616 Hammerfest.

Referanser må oppgis.

Søknadsfrist: 12. mai 2005

Ingen nåde for ynkryggar

– Ver ikkje redde, for sjå: Eg gjev ikkje ved dørene.

DET DETTE VERTE skrive, stig det framleis svart røyk opp frå pipa til det Sixtinske kapell. Men eg har ei kjensle av at kardinal Joseph Ratzinger vil verte valt. Elles les eg i skrivande stund på VG-nett at Ratzinger fordømde Beatles 20 år etter at gruppa gjekk frå kvarandre. Han skal og ha hevda at AC/DC står for «Anti Christ» og «Death to Christ». At bae påstandane er ei gamal internasjonale avisand, finn VG-nett ingen grunn til å fortelje, men så har kunnskapsnivået om Vatikanet og katolisismen aldri vore så frykteleghøgt i Akersgata heller.

RATZINGER ER NETT fylt 78 år, er kardinalprimas og leiar av Trusdoktrinekongregasjonen (det som før var inkvisisjonen) i Vatikanet. Ratzinger vart fødd i dei bayerske Alpane, voks opp under fattige kår, vart tvangsinnskriven i Hitler-Jugend, i si tid den yngste professoren i Tyskland, ein av premisleverandørane bak det meir diskuterande enn dogmatiske Andre Vatikanekonsil (1962-1965) og erkebiskop i München før han i 1981 vart henta til Vatikanet av Johannes Paul II. Rett nok ville paven ha Ratzinger til Roma alt i 1979, men tyskaren bad om å få sleppe, noko paven altså gjekk med på. Men etter attentatet mot han var det inga bøn. Paven gav Ratzinger ordre om å kome, etter skota makta han ikkje embetet åleine. Dermed fekk Ratzinger langt på veg den reelle makta i Kurien.

Ratzinger vert rekna for eit av dei største flogvita i tysk etterkrigshistorie. Jürgen Habermas har skildra han som sin yndlingsfiende og ein av Europas store intellektuelle. I dei siste åra har dei rett nok vore gode vener, men så er også Ratzinger endå meir kritisk til kapitalismen enn den gamle frankfurterkritikaren. Vert Ratzinger ny pave, er det truleg at «Salt of The Earth» – eller «Jordens salt» (Solum forlag, 1998) som ho heiter på norsk – vert ein bestseljar her til lands og. Til liks med fleire av bøkene til Ratzinger er boka seld i millionopplag, og her freistar han å gje eit heilskapleg bilete av kva Vatikanet og pavekyrkja meiner og står for. Rett nok har han ikkje ført pennen sjølv, det er ateisten

og journalisten Peter Seewald som har skrive ned utsegnene.

I MITT YRKE SOM JOURNALIST har eg intervjuet fleire norske kyrkjeleiarar. Det er alltid like slitsamt. Dei er så redde. Kvar formulering må sitatsjekkast, alt vert fila på i time etter time. Ein må ikkje seie noko gale som kan få hopen til å reagere. Slik har det ikkje vore med dei få norske katolikkane eg har intervjuet. Dei bed ikkje om sitatsjekk. Det var elles ein av desse som sende meg «Salt of the Earth». Vedkomande ville ha meg ut av fåkunna om katolikkane.

Joseph Cardinal Ratzinger

**Salt of The Earth
The Church at the
End of the Millennium
An Interview with
Peter Seewald**

Ignatius, San Francisco 1997

283 sider

Og symptomatisk nok: I føreordet skriv Seewald nettopp at Ratzinger ikkje ville sjå spørsmåla

på førehand og at han ikkje ville endre eit komma i etterkant. Ratzinger er altså ikkje redd for dei politisk korrekte. Sjølv om underskrivne ikkje akkurat reknar seg som ein sterkt truande, er det berre å vedgå: Boka er særst fascinerande, her er sjølvtilit og intellektuell kraft som ikkje eingong Per Lønning kan matche.

Favorittskriftstaden til Ratzinger gjev seg nesten sjølv. Han er sjølvsgagt Paulus' andre brev til Timoteus, 4. 2-5:

Forkynn ordet, ver budd i tid og utid, overtyd, tal til tuktt og tal til trøyst! Gjev ikkje opp når du lærer dei! For det skal koma ei tid då folk ikkje toler den sunne læra, men etter eigen hug tek seg lærarar i hopetal, for dei vil ha det som klår i øyra. Dei skal venda øyra frå sanninga og halde seg til mytar. Men ver du vaken i alt du gjer! Lid vondt, gjer ein evangelists gjerning og fullfør di teneste!

Det er kanskje ikkje naudsynt å seie: Ratzinger reknar seg ikkje som postmodernist og dekonstruktivist. Den forklaringsmodellen han paradoksalt nok kanskje har mest sympati med, er marxismen. Han reserverer seg rett nok mot marxistisk maktkritikk når den vert brukt på Vatikanet, for det er sjølvsgagt leia av den Heilage Ande. Men på samfunnet elles meiner han at Marx har kome med nokre av dei beste analysane. No reserverer sjølvsgagt Ratzinger seg som kristen metafysikar mot det metafysiske hjå Marx, marxismen som politisk prosjekt.

BOKA ER DELT OPP i tre delar: «Personal Biography», «Problems of the Catholic Church» og «On the Threshold of a New Era». Det som kanskje overraskar mest, er den ekstreme pessimismen Ratzinger har. Han ser det som heilt naturleg at kristne vert forfylgde, han trur at den katolske kyrkja står framfor stor tilbakegang og han avviser kategorisk at kyrkja har noko å tene på å tilpasse



Tyske kardinal Joseph Ratzinger feirar messe i Rottache-Egern, Bayern i mai 2004. Han er no pave Benedict XVI. (Foto: AFP)

seg samfunnet elles. I dei mest kontroversielle spørsmåla: Sölibatet, skilsmisse, kvinnelege prestar og familieplanlegging, er han heilt klar: Det er inga løysing å gje etter på desse spørsmåla. Det opnar for hemningslaus individuell sjølvrealisering, eit ja til den absolutte moderniteten og dermed framandgjerling.

Ratzinger syner stor sympati både med protestantismen og Luther, men han er heilt klar på at dei protestantiske kyrkjene ikkje har tent noko som helst på å gje etter i desse spørsmåla. Som han i og for seg rett påpeikar: Avkristninga av Nord-Europa er om mogleg endå meir omfattande enn i den katolske vestlege verda.

SIDAN BOKA PÅ katolsk vis har som ambisjon å dekkje nær alt som er relevant i menneskelivet, er det vanskeleg å gjenge ho på ein rettvis måte. Men om det er ein bodskap som kjem fram, er det altså dette: Snakk sanning, ver ikkje tilpassingsvillig og feig. Som karen frå Nazareth sa det: «Sanninga vil frigjere dykk!». Men her ligg òg problemet, innser Ratzinger. Folk vil ikkje høyre på sanninga, denne heilt bisarre religionen kalla kristendom: «People would sooner put up with false, impure, untruthful, and evil things than cause or have problems.»

Eitt er sikkert: Vert denne boka delt ut på kyrkjebakkane, står den norske statskyrkja framfor ei stor avskaling frå dei som framleis reknar seg som truande. Redde kyrkjeleiarar, slike som dei norske, har Ratzinger – om han no vert pave eller ikkje – berre forakt til overs for. Elles er det berre å konstatere: Heller ikkje Ratzinger har noko anna enn vanleg kristendom å tilby. Og som han truleg innser: Det er etter alt å dømme ikkje nok, eller heller: for mykje for det moderne, vestlege mennesket.

Av Jon Hustad

«I dei mest kontroversielle spørsmåla: Sölibatet, skilsmisse, kvinnelege prestar og familieplanlegging, er han heilt klar: Det er inga løysing å gje etter i desse spørsmåla.»

KRONIKK

Send kronikkforslag til

i.myking@forskerforbundet.no

Kronikkens lengde må ikke overstige 10 000 tegn, inkludert mellomrom. Bidrag som trykkes honoreres med kr. 2.000,-

Åndsverkloven kan true bruk av Internett

I praksis vil regjeringens forslag til ny åndsverklov bety at universitetene og høyskolene vil måtte stenge tilgangen til Internett for sine studenter, hevder **Ola Stave** og **Arvid Ellingsen**.

UHR GA 6. APRIL et foreløpig innspill til forslag til endringer i åndsverkloven (Ot.prop. 46 (2004-2005)), som for tiden er til behandling i Familie-, kultur og administrasjonskomiteen. Det er mange grunner til at UHR har engasjert seg sterkt i denne loven, og UHR har også vært en tung aktør i forarbeidet når det gjelder utredning av problemstillinger knyttet til immaterialrett.¹ I denne kronikken vil vi kort gjøre rede for de vesentligste elementer i UHRs innspill til Stortinget.

DEN VIRKSOMHET SOM drives ved de offentlige universitetene og høyskolene er ikke-kommersiell, slik det også fastslås i proposisjonen side 37, og gratisprinsippet er fastslått i den nye universitets- og høyskoleloven (§7-1 første ledd). Hensikten med å eie og drive forsknings- og undervisningsinstitusjoner er å skaffe samfunnet og den enkelte immaterielle verdier i form av økt innsikt, kunnskap og kompetanse. Utnyttelse av åndsverk ved ikke-kommersielle undervisnings- og forskningsaktiviteter kan ikke sammenlignes med utnyttelse som skjer i forbindelse med kommersielle virksomheter. Det er av stor betydning for vårt land at det legges til rette for, også i åndsverkloven, at universitetene og høyskolene kan utføre den samfunnsoppgave de er pålagt – å sørge for kunnskapsspredning og forskning.

Frembringelse og utnyttelse av åndsverk og andre beskyttede prestasjoner etter

åndsverkloven står sentralt ved oppfyllelsen av disse samfunnsoppgavene. Mange opphavsmenn til faglitteratur og læremidler er ansatt ved universitetene og høyskolene, og de frembringer åndsverk i forbindelse med sitt arbeid som er finansiert over institusjonenes lønns- og driftsbudsjetter. Forsknings- og undervisningsaktivitetene ved norske universiteter og høyskoler er også nødvendig for utbredelse av faglitteratur og læremidler i Norge. Den samfunnsoppgave som universitetene og høyskolene er tillagt forutsetter at åndsverk i rimelig utstrekning kan benyttes i forbindelse med forskning og undervisning uten å gjøres avhengig av samtykke og/eller betaling. Forsknings- og undervisningsformål er i kjerneområdet for de formål som både etter norsk rett og etter Opphavsrettsdirektivet begrunner avgrensninger i opphavsretten. Lovforslaget og proposisjonen inneholder en del elementer som motvirker dette helt sentrale hensyn. Disse knytter seg til enkelte elementer ved avtalelisensordningen, adgangen til utnyttelse av åndsverk som er lagt ut på Internett, bibliotekreglene, adgangen til kopiering til privat bruk og muligheten for å lage eksemplarer av åndsverk i forbindelse med fremføring ved undervisning.

SOM VI ALLE VET er Internett i dag en sentral kilde til kunnskap og informasjon, og de aller fleste bruker Internett aktivt til å finne og hente materiale. Vi leser aviser på Internett, og når vi finner noe som interesserer oss, tar vi kanskje en utskrift som vi kopierer til en kollega, eller vi sender artikkelen videre ved en lenke. Dette er etablerte og aksepterte bruksformer, og en naturlig konsekvens av Internett som informasjonsmedium. I undervisningen og forskningen vil materiale på Internett være av stor betydning, og det er en økende trend nasjonalt og internasjonalt at læremateriale og forskningsarbeider gjøres tilgjengelig på Internett.

Det er derfor dramatisk når proposisjonen på side 54-55 inneholder uttalelser om at det ikke vil være adgang til å laste ned og på annen måte utnytte verk som er lovlig lagt ut på Internett uten at rettighetshaveren har gitt et uttrykkelig samtykke til dette eller det foreligger en avtalelisens. Departementets lovtolkning lar seg ikke forsvare rettslig² og vil føre til den absurde situasjon at dette materialet ikke kan benyttes

til annet enn å lese på skjermen, hvis ikke rettighetshaveren uttrykkelig har gitt samtykke til utskrifter og videre bruk. Hvis slikt uttrykkelig samtykke ikke foreligger, må institusjonene ha avtale med Kopinor for at studenter, lærere og forskere skal kunne ta utskrifter og utnytte på annen måte informasjon som er lagt ut på Internett! I praksis vil dette innebære at universitetene og høyskolene vil måtte stenge tilgangen til Internett for sine studenter; en paradoksall situasjon for institusjoner som tradisjonelt og etter sin natur skal være preget av åpenhet og fri informasjonsutveksling.

Når man så ser disse uttalelsene fra departementet i sammenheng med uttalelsene i proposisjonen side 66 om at utskrifter som studentene tar hjemme av materiale som de benytter i forbindelse med studiene, ikke skal anses som privat bruk – men godkjennes av Kopinor – forstår man at det i proposisjonen legges opp til innskrenkninger og begrensninger i utnyttelsen av materiale på Internett som vil føre til helt uakseptable tilstander, og som heller ikke kan forsvares etter gjeldende rett. Av hensyn til forskningen og undervisningen ved universitetene og høyskolene kan departementets rettsoppfatning ikke bli stående, og Komiteen må i sine merknader sørge for at det ryddes opp i dette.

DE NÆRMERE BESTEMMELSER om bibliotekenes bruk av åndsverk skal fastsettes i forskrift, men det er enkelte hovedprinsipper som fastslås i loven – og som sett fra fagbibliotekenes side er svært uheldige.

For fagbibliotekene er det av stor betydning å kunne utnytte teknologien på en måte som sikrer et godt og effektivt bibliotektilbud for studenter, lærere og forskere. Et sentralt behov er å kunne overføre eksemplarer mellom institusjonene – kort sagt å kunne etablere et "sømløst bibliotek", slik det er kommet til uttrykk i St.meld.nr 22 (1999-2000), slik at brukeren ikke skal måtte tenke på hva slags type bibliotek hun henvender seg til når hun trenger bibliotektenester. I proposisjonen legges det opp til at det ikke kan skje fjernlån til bibliotekets brukere.³ En slik begrensning er ikke i samsvar med de forutsetninger som uttales i St. meld. 22 – og som har som formål å sikre et godt brukertilbud. Vi vil anmode Komiteen om at det på dette punkt åpnes opp for fjernlån til brukerne, blant annet fordi en slik ordning er nødvendig for fjernstudenter og for studenter, forskere og lærere ved institusjoner som ikke er samlet på ett sted. Det er etter vår oppfatning meningsløst at lovreglene skal hindre bruk av de teknologiske muligheter som i dag foreligger, når man tar i betraktning at det her er tale om en ikke-kommersiell virksomhet.

«Det er derfor dramatisk når proposisjonen på side 54-55 inneholder uttalelser om at det ikke vil være adgang til å laste ned og på annen måte utnytte verk som er lovlig lagt ut på Internett uten at rettighetshaveren har gitt et uttrykkelig samtykke til dette eller at det foreligger en avtalelisens.»



Vil regjeringens forslag til ny åndsverkslov bety at universitetene og høyskolene vil måtte stenge tilgangen til Internett for sine studenter, slik Ola Stave og Arvid Ellingsen i Universitets- og høyskolerådet hevder?

Det foreslås i § 16 a en avtalelisens for bibliotekene. Også for fagbibliotekene vil det imidlertid ha store konsekvenser hvis den rettsoppfatning som departementet gir uttrykk for med hensyn til bruk av verk på Internett, skal bli stående. "Open access" – altså at forskningsmateriale legges åpent ut på Internett til benyttelse for studenter, lærere og forskere – er en viktig bevegelse på dette området. Det er uakseptabelt hvis åndsverkloven skal legge hindringer i veien for at slike verk kan benyttes, og det må ikke være avgjørende om rettighetshaveren uttrykkelig har gitt uttrykk for at materiale fritt kan benyttes av andre. Den som legges sitt materiale ut på Internett gir i praksis samtykke til at andre kan bruke det – ved nedlasting og utskrifter og på annen måte, naturligvis innenfor en lojal ramme.

DET FORESLÅS I proposisjonen å videreføre dagens ordning med en fribruksregel for fremføring i undervisning⁴. Det er vi tilfreds med, fordi det blant annet legges til rette for formidling av læremateriale på Internett og i intranett. Problemet er imidlertid at en slik formidling i praksis forutsetter at det lages minst ett eksemplar av materialet, og denne kopieringen må det innhentes samtykke til – fra Kopinor eller andre. Derved mister fribruksregelen mye av sin realitet. Universitets- og høyskolerådet vil be om at det i § 21 inntas en bestemmelse som sikrer at det kan lages de kopier som er nødvendig for at verket kan fremføres etter fribruksregelen.

DEPARTEMENTET AVVISER forslaget fra blant annet Norges Musikkhøgskole om at det skal være adgang til privatkopiering ved fremmed hjelp⁵ – typisk i et bibliotek – av noter. For Musikkhøgskolen og andre læresteder som underviser i musikk er en slik adgang viktig. Særlig er det behov for noter som er vanskelig å finne i handelen. Vi har derfor bedt om at Komiteen åpner for slik kopiering,

ET HOVEDANLIGGENDE for sektoren er at det ikke etableres en ordning som gir organisasjonene, som vel i praksis vil være Kopinor, så mye makt at undervisningen hindres eller stanses fordi partene ikke klarer å bli enige om en avtale. Slik systemet er i dag, er universitetene og høyskolene avhengig av en avtale med Kopinor, og hvis partene ikke bli enige om pris og vilkår, kan Kopinor nedlegge kopieringsforbud. Åndsverkloven må derfor inneholde en tvis-

teløsningsmekanisme som sikrer at et brudd i forhandlingene ikke medfører forbud mot bruk av åndsverk – med de dramatiske konsekvenser det vil ha for undervisningen og forskningen ved universitetene og høyskolene. UHR har derfor bedt om at det etableres tvisteløsningsmekanismer som sikrer balanse mellom partene, og at det ikke legges hindringer i veien for virksomheten ved universitetene og høyskolene i den perioden tvisten pågår.

**Av generalsekretær Ola Stave og
informasjonsrådgiver Arvid Ellingsen i
Universitets- og høyskolerådet**

Fotnoter

1 Se bl.a. <http://www.uhr.no/sentraledokument/rapporter.htm> (innstilling fra immaterialrettsutvalget om arbeidstakeroppfinnelser ved universiteter og høyskoler)

2 Mange juridiske forfattere er i dag av den oppfatning at det gis et stilltiende samtykke til andres bruk når et verk legges ut på Internett. Departementets henvisning til den s.k. spesialtetsgrunnsetningen er malplassert i denne sammenheng, og tar heller ikke høyde for at svært mye materiale legges ut i utlandet av utenlandske rettighetshavere

3 Proposisjonen side 72-87

4 Proposisjonen side 79 annen spalte

5 Proposisjonen side 64-65



Universitetet i Stavanger (UiS) har 8000 studenter og 960 ansatte og et mangfold av undervisnings-, forsknings- og utviklingsaktiviteter. UiS ligger i landets mest attraktive region med gode botilbud, et dynamisk arbeidsmarked og spennende kultur- og fritidsaktiviteter. Stavangerregionen har fått status som Europeisk Kulturhovedstad i 2008.

Bli med på å utfordre og utforske!

Universitetet i Stavanger har ledig følgende stillinger:

**Førsteamanuensis/førstelektor
i sosialt arbeid**

Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Institutt for sosialfag

**Førsteamanuensis/førstelektor
i økonomi**

Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Norsk hotellhøgskole -
Institutt for økonomi og ledelsesfag

Utforsk jobbmulighetene på www.uis.no.



Universitetet
i Stavanger

LESERBREV

Send innlegg til i.myking@forskerforbundet.no

Innlegg må være maksimum 2000 tegn hvis de skal komme på trykk.

Blå-grøn allianse – vilje til samarbeid?

FORSKNING: I *Forskerforum* nr. 3, 2005 kjem Odd Handegård, tidlegare direktør ved Norges Fiskerihøgskole i Tromsø, med sterke synspunkt på innstillinga om "Den blå-grønne matalliansen". Her hevdar han at "I beste fall vert verksemda i Tromsø ei form for husmannsverksemd under sørnorske konsern på Austlandet og i Trøndelag, som skal byggje opp ei fiskerifagleg forskingsverksemd nesten frå grunnen av". Dette er i samsvar med det han har hevda tidlegare (m.a. i *Aftenposten* 6. september 2004) om at overføringsverdien av kunnskap frå husdyr til fisk er lik null, at havbrukskompetansen diverre er bygt opp rundt indre Oslofjord og difor må flyttast til meir naturlege delar av landet. Underforstått meiner han at havbruksforskninga til institusjonar som mellom andre AKVAFORSK (Institutt for akvakulturforskning) er lite ære verd.

Det er difor på sin plass å nemne at AKVAFORSK har hatt stor forskningsaktivitet på to forskingsstasjonar for havbruk i Møre og Romsdal (Sunnøysøra og Averøy) i meir enn tredve år. I dag arbeider 54 personar (18 forskarar) på desse to stasjonane. I tillegg har AKVAFORSK 38 personar (26 forskarar) lokalisert til fagmiljøet ved *Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB)* på Ås (tidlegare Norges landbrukshøgskole). AKVAFORSK har gjort og gjer alle praktiske forsøk med fisk på dei to stasjonane i Møre og Romsdal, og i nært samarbeid med andre forskingsinstitusjonar og havbruksnæringa. Denne aktiviteten omkring sentrale akvakulturrelaterte problemstillingar, spesielt på fagområda genetikk/avl, ernæring/fôring, produktkvalitet og reproduksjon, har resultert i 628 vitenskaplege *peer review*-publikasjonar i internasjonale tidsskrift og meir enn 1400 andre fagartiklar. I tillegg kjem 40 Dr. scient.-oppgåver og 192 MSc.-oppgåver, dei fleste i nært samarbeid med UMB, men også med andre universitet og høyskular (UiB, UiO, NVH, NTNU).

Påstanden frå Handegård om at forskninga som landbrukssida har gjort og gjer på havbruksområdet er bygd opp rundt indre Oslofjord, at ho er lite relevant og må byggast opp nesten frå grunnen av er difor ikkje berre sterkt misvisande, men direkte usann. Det er heller ikkje grunnlag for å hevde at eit forskingsmiljø i Tromsø skulle vere betre i stand til å representere næringa på kysten enn for eksempel AKVAFORSK. Det er nettopp den store overføringsverdien av kunnskap frå husdyr til havbruk som var grunnen til at personar ved UMB etablerte AKVAFORSK så tidleg som i 1971. Dersom Handegård er utan kunnskap om kva rolle denne etableringa har hatt å seie for utviklinga av norsk oppdrettsnæring, bør han ta seg bryet med å bli informert av sentrale personar i næringa.

Det er også grunn til å gjere Handegård merksam på at på fagområdet genetisk foredling av fisk og skaldyr har AKVAFORSK eit internasjonalt sett sterkt fagmiljø, og har gjennom AKVAFORSK *Genetics Center* det faglege ansvaret for avlsprogram for meir enn 12 artar i ni land i Europa, Asia og Latin-Amerika. Og at det einaste akvakulturrelaterte "Senter for fremragende forskning" i Norge, *Aquaculture Protein Centre*, er lagt til fagmiljøet ved UMB/AKVAFORSK/Norges veterinærhøgskole, vitnar om eit sterkt fagmiljø også på ernæring/fôring av fisk.

Det er altså dette (og andre) fagmiljø på landbrukssida som Handegård meiner må byggast opp nesten frå grunnen av. Innlegga hans vitnar om skremmande lite innsikt i faktiske forhold og om liten vilje til samarbeid til beste for norsk havbruksnæring. Eg vel å tru at han er ganske åleine om å ha slike synspunkt mellom dei som har sett seg inn i desse spørsmåla. Det vil vere eit feilgrep og dårleg utnytting av offentlege og private midlar og ikkje bruke all kompetanse som finst til å fremje norsk og internasjonal akvakulturnæring.

Seniorforskar Bjarne Gjerde, AKVAFORSK

Psykoanalysen puster – avlys begravelsen!

KRISTEVA-DEBATTEN: I *Forskerforum* 4/2005 (s. 28-29) har Svein Larsen, professor ved Institutt for samfunnspsykologi, UiB, et frimodig og lett harselerende innlegg mot tildelingen av Holbergprisen til Julia Kristeva. I tillegg til å kritisere prisvinneren og det hun står for, gjer han seg lystig på bekostning av de som har forsvart tildelingen. Og ikke nok med det: Underveis tar han seg også bryet med å legge inn en ikke særlig ærefull nekrolog over psykoanalysen som sådan. Med påtatt profesoral autoritet slår han fast at denne delen av psykologifaget har representert et "historisk feilspor", at psykoanalysen og forskningen omkring den etter 100 år "ikke har bidratt til å kaste lys over annet enn seg selv", og at den psykoanalytiske tenkemåten "med rette [er] på vikende front i de fleste noenlunde anstendige fagpsykologiske miljøer". For å gjøre det allerede traurige bildet fullkomment, får vi opplyst at psykoanalysen er fraværende i dagens psykologipensa (bortsett fra som del av psykologihistorien), og - ikke minst - at psykoanalysen har ført til alvorlige feilbehandlinger.

Vi synes det ville være uheldig om disse påstandene blir stående uimotsagte og tillater oss følgende kommentarer. Samtidig griper vi anledningen til å informere den alminnelig interesserte leser om noen av de hovedtanker som gjør seg gjeldende innenfor psykoanalysen i dag.

Om Kristeva er det delte meninger, også innenfor psykoanalysen. Vår oppfatning er at pristildelingen var både velbegrunnet og

velfortjent, selv om også vi mener at deler av hennes forfatterskap kaller på kritikk. Vårt anliggende i denne sammenheng er imidlertid ikke å diskutere Kristeva eller pristildelingen, men Larsens mer generelle utlegninger om psykoanalysens plass og betydning i dagens psykologi.

Vi merker oss at Larsen bebreider Kristeva for ikke å forankre sin forskning i systematiske og etterprøvbare data. Desto mer bemerkelsesverdig er det at hans krav om empirisk underbygget argumentasjon ikke synes å gjelde ham selv. Men nå er det heldigvis slik at hans påstander om psykoanalysen faktisk lar seg etterprøve. Og når vi gjør det, viser det seg at de for det meste må betraktes som grunnleggende feilaktige.

Larsen har søkt i databasen PsycINFO. Med Julia Kristeva som søkeord har han fått ti treff. Av dette kan vi slutte at interessen for Kristevas forfatterskap nok er større innenfor andre fag enn psykologi. Det bør ikke overraske. Holbergprisen retter seg jo nettopp mot forskere innenfor samfunnsfag, jus og humaniora.

Hadde Larsen brukt PsycINFO til å søke på "psychoanalysis", eller de nært beslektede termene "psychoanalytic" og "psychodynamic", ville han fått 76.357 treff, med følgende endringer i antall treff for hver 10-årsbolk gjennom de siste 40 år: 1965-74 = 5.965 treff, 1975-84 = 7.110, 1985-94 = 19.726 og 1995-04 = 26.226. I sannhet en bemerkelsesverdig utvikling for en akademisk retning som påstås å være bortimot død og begravd!

Ei heller den oppsiktsvekkende påstanden om at psykoanalysen "ikke har kastet lys over annet enn seg selv" forsøker Larsen å gi noen form for empirisk belegg. At den neppe er gyldig, blir imidlertid tydeliggjort om man tar seg tid til nærmere gransking av et utvalg av de artiklene som PsycINFO-basen har fanget opp. Snarere vil man erfare at ideer og tankegods med utspring i psykoanalysen er blitt både direkte og indirekte assimilert og videreutviklet innenfor andre deler av psykologifaget - og i stadig større grad også blitt gjort til gjenstand for empirisk prøving. Det gjelder både for psykologisk grunnforskning, for eksempel moderne tilknytningsteori (søkeordene "attachment and development" gir 5.499 treff) og klinisk psykologi. Innenfor sistnevnte har man for eksempel sett en betydelig fremvekst av så vel korttids- som langtidsorienterte psykodynamiske terapiformer med dokumentert effekt.

Vi må ærlig innrømme at vi er usikre på hvilke kriterier som må innfris for å komme inn under Larsens begrep om "anstendige" fagpsykologiske miljøer. Han levner likevel liten tvil om at det i slike miljøer ikkegis plass for psykoanalyse. Hva man regner som "anstendig" vil naturligvis være avhengig av ens utgangspunkt og subjektive vurdering. For egen del tenker vi at et viktig kjennetegn må være at det gis rom for en mest mulig åpen og fordomsfri teoretisk og empirisk argumentativ debatt. I slike miljøer er psykoanalytisk og psykodynamisk tenkning fortsatt høyst levende.

Også påstanden om at psykoanalysen er fraværende i våre dagers psykologipensa,

bortsett fra som del av psykologihistorien, behøver korreksjon. Påstanden er ikke engang gyldig for psykologutdannelsen ved Larsens eget arbeidssted, UiB – ei heller for pensa som benyttes ved hans eget institutt. En rask rundspørring viser mange situasjoner for landets øvrige psykologutdannelser. Hvor Larsen henter sine opplysninger fra, ville derfor vært interessant å vite.

Alt i alt sitter vi tilbake med et inntrykk av at Larsen lider under en misoppfatning av at utviklingen innenfor psykoanalysen startet og sluttet med Freud. Slik er det heldigvis ikke. Som ellers i vitenskapene gjennomgår også psykoanalysens begreper og teorier kontinuerlige forandringer i møtet med nye kliniske utfordringer og ny forskningsbasert empiri. Viljen til teoretisk nytenkning var for øvrig et kjennetegn også ved Freud selv gjennom hele hans mer enn 50-årige akademiske virksomhet.

I innledningen til sin bok "Freud and Beyond" understreker Stephen A. Mitchell at psykoanalysen i dag må betraktes som langt mer enn én manns verk. I boken redegjør han for et av de mest betydningsfulle paradigmeskiftene innenfor psykoanalytisk tenkning: Bevegelsen bort fra den opprinnelige, biologisk baserte driftsteorien og henimot en eksplisitt relasjonsteori – også omtalt som skiftet fra én-person til to-person psykologi. Denne og andre viktige deler av psykoanalysens utvikling kan det virke som om Larsen ikke har fått med seg.

Psykoanalysen i dag består av flere skole-retninger. Fortsatt finnes klinikere og forskere som hovedsakelig arbeider innenfor en klassisk freudiansk idéhorisont. Når det gjelder akkurat denne gruppen, må vi gi Larsen noe rett når han snakker om å være på "vikende front". Allerede på 1930- og 1940-tallet utviklet det seg imidlertid retninger som britisk objektrelasjonsteori og fransk (lacaniansk) psykoanalyse. Dette er retninger som fortsatt er levende og i utvikling, og som tiltrekker seg betydelig interesse ikke bare i Europa og USA, men også i latinamerikanske land. Både objektrelasjonsteori og lacaniansk analyse fremhever menneskets relasjonelle motivasjon og meningssøken på en annen og tydeligere måte enn hos Freud. I tillegg kommer retninger som på enda mer eksplisitt vis har mellommenneskelige relasjoner, følelser og meningsdannelse som sitt overordnede tema. Disse retningene, gjerne omtalt som "relasjonell psykoanalyse", "interpersonlig psykoanalyse", "psykoanalytisk selvpsykologi" og "mentaliseringssteori", setter mye av dagsorden for diskusjonene innenfor toneangivende fagmiljøer.

For å bli noe mer konkret, kan vi si at relasjonell og interpersonlig psykoanalyse studerer den vev av fortolkninger og meningsdannelse som bevisst og ubevisst oppstår og utfolder seg i mellommenneskelig samhandling. Kjernen i psykiske lidelser blir, ut fra en slik betraktningssmåte, forstått som en tendens til å repetere livsbegrensende, skuffende og destruktive samhandlingsmåter – oftest med opphav i tidlig barndom. Sammen med dette opptrer svikt i forestillingskraft, noe som innebærer at pasienten klynger seg til tidligere mønstre, av angst for å gå inn i det ukjente,

erfare livet på nye måter og oppleve nye sinnstilstander. Sett fra et behandlingsmessig ståsted, blir terapiens og analysens mål å hjelpe pasienten til å utvide sin oppmerksomhetshorisont og sitt rom for meningsdannelse, å kunne "leke" med en større flerfoldighet av forestillinger om seg selv, andre og livet – og å eksperimentere med nye og mer autentiske måter å forholde seg på innenfor nære og emosjonelt betydningsfulle relasjoner. Der man tidligere var relativt ensidig opptatt av å hjelpe pasienten til større innsikt, anser man innenfor disse nyere retningene pasientens erfaring med det nære og tillitsfulle forholdet til terapeuten (ofte kalt "behandlingsalliansen") som en endringsbefordrende kraft i seg selv.

Viktige bidrag til utviklingen av relasjonell psykoanalyse har kommet fra blant annet kulturell og sosialkonstruktivistisk psykologi, hermeneutikk og empirisk spedbarnsforskning.

Psykoanalytisk selvpsykologi, og dens nåtidige videreføring innenfor såkalt "intersubjektivitetsteori" og "motivasjonssystemteori", tar sitt utgangspunkt i at mennesket har som primært motiv å skape meningsfull sammenheng i opplevelsen av hvem det er. Individet finner vitalitet, retning og fellesskap gjennom særskilte former for bekreftende relasjoner. Der det har oppstått barrierer i denne søken, vil personen slite med indre fornemmelser av tomhet og dødhet. Han eller hun vil kunne ty til defensive og fastlåste samhandlingsmåter som innebærer "tomme" og oppblåste versjoner av behov som dypest sett blir stående utilfredsstillt – for eksempel stadige krav om beundring for sin storartethet, eller sterkt overdrevne idealiseringstendenser. Selvpsykologien retter en særlig oppmerksomhet mot utviklingen av affektive og relasjonelle behov, mens motivasjonssystemteori først og fremst bygger på empirisk spedbarns- og tilknytningsforskning (tidlig mor-barn interaksjon). Det samme gjelder for moderne mentaliseringsteori. Mentalisering viser til evnen til å kunne tenke og reflektere rundt egne, så vel som andres, mentale tilstander, og man er opptatt av hvilke former for samspill som fremmer eller hemmer utvikling av mentaliseringsevnen.

I økende grad ser man innenfor de nevnte miljøene en voksende interesse også for nevrobiologiske utviklingsperspektiv, noe blant annet opprettelsen av det nye tidsskriftet "Neuro-Psychoanalysis" vitner om.

Som sitt siste ankepunkt anfører Larsen at psykoanalysen gjennom sin historie har ført til feilbehandlinger. Det ser vi ingen grunn til å bestride. Men dette vil også gjelde psykologiske behandlingsformer med helt annet teorigrunnlag enn psykoanalysens, for eksempel "atferdsterapi", "kognitiv terapi" og "familieterapi". Noe unntak gjelder heller ikke for medisinfagets kliniske disipliner, som kreftbehandling og kardiologi, hvor det også hver eneste dag forekommer tilfeller av mer og mindre alvorlige feilbehandlinger. At behandling kan gå feil, er en del av risikoen ved å påta seg behandlingsoppgaver, og prøving og feiling utgjør et uunngåelig aspekt ved alle behandlingstradisjoners utviklingshistorie.

